

ÅRSMELDING 2006

RAPPORTERING

- Fagartiklar > **side 30-33**
- Organisasjon og personale > **side 34-35**
- Flyttinga til Bergen fullført > **side 36**
- Økonomisk status > **side 37**
- Saksstatistikk > **side 38-39**
- Skattefunn > **side 39**
- Informasjon og kommunikasjon > **side 40**
- Ordforklaringar > **side 41**

MAGASIN

- Daglegvarer og mat > **side 8-11**
- Bank og forsikring > **side 12-14**
- Luftfart og transport > **side 15-17**
- Intervju: Finn Søreide > **side 18-19**
- Bokbransjen > **side 20-21**
- Kraftmarknaden > **side 22-24**
- Telemarknaden > **side 25-27**
- Offentlige innkjøp > **side 28**

INTRODUKSJON

- Historikk > **side 1**
- Konkuransedirektøren har ordet > **side 2**
- Hovedresultat 2006 > **side 3**
- Kart om Konkuransetilsynet > **side 4-5**
- Året som gikk > **side 6**



Konkuransetilsynet
Norwegian Competition Authority

FRÅ DETALJERT PRISREGULERING TIL EFFEKTIV KONKURRANSE: NORSKE PRIS- OG KONKURRANSESTYRESMAKTER GJENNOM 90 ÅR

■ ■ Utbrotet av første verdskrig i 1914 førte til matpanikk hjå store delar av folket. Næringsdrivande utnytta situasjonen til å skru opp prisane, og styresmaktene måtte gripe inn med reguleringar. Statens prisdirektorat vart oppretta 21. juli 1917.

Maksimalprisar og andre føresegner om prisregulering vart kungjort i Norsk Pristidende. Bladet hadde òg ei oversikt over dommar og muktpålegg for brot på prisføresegnene – med fullt namn og adresse på dei skuldige.



■ ■ Stortinget vedtok ei ny lov, trustlova, om kontroll med konkurranseinnskrenkingar og prismsbruk, og Statens prisdirektorat skifta namn til Trustkontrollkontoret. Viktige konkurransopolitiske spørsmål vart avgjorde av Trustkontrollrådet, seinare Prisrådet. Trustlova gjaldt fram til 1. januar 1954.

■ ■ Ei provisorisk ordning, den såkalla Lex Thagaard, vart sett i verk 8. mai 1945. Den bygde i stor grad på forskrifter Thagaard hadde utforma under krigen. Den vart avløyst av ei mellombels prislov i 1947, som vart forlenga med eitt år om gongen fram til 1953. Eit viktig punkt i desse føresegnene var heimelen til prisutjamning. Den innebar at somme næringar kunne verte pålagt avgifter som vart brukte til å skrive ned prisane på varer frå andre næringar, til dømes på vanlege forbruksvarer.

1917

1920

1926

1931

1945

1954

■ ■ Ei ny prislov introduserte ei omfattende meldeplikt for monopol og storbedrifter, likeins for samanslutningar og avtaler som hadde til formål å innskrenke konkurransen. Opplysingane vart ført inn i eit offentleg register, det såkalla kartellregisteret. Denne meldeplikta vart først avskaffa med konkurranselova av 1993.

Wilhelm Lauritz Thagaard tok plass i sjefsstolen. Han leia pris- og konkurranseataten gjennom 40 år, og sette dype spor etter seg.

I 1922 fekk Prisdirektoratet for første gong fullmakt til å gripe inn mot prispolitikken til kartell og storbedrifter. Norge var såleis det første land i Europa som introduserte statleg konkurranseregulering og -kontroll, og lovgjevinga heldt fram med å vere av dei mest moderne og avanserte i Europa fram til 1960-talet.

■ ■ Trustkontrollrådet sitt vedtak i De-No-Fa-Lilleborg-saka kom i strid med politikken til Mowinckel-regjeringa. Etter kritikk fra Stortinget måtte regjeringa gå av.

**Den frie konkurranses tid er forbi.
Sier direktør Thagaard og
anbefaler sitt forslag om
adgang til produksjons-
regulering.**

Livlig diskusjon på juristmøtet i formiddag

I juristmøtets civilerlærlingar sektoren holdt trustkontrolldirektør Thagaard i formiddag foredrag om rettslig stilling til konkurransereguleringer. Møtet ble ledet av professor Granfelt, Finland. Direktør Thagaard begynte med å nedskrive titelboken som han hadde med, men imidlertid var ikke tittelen av nøyaktigheten og den frie konkurranses prinsipper et mektig opning. Men styremedlemmene hadde også vennligst sagt at det var interessant å høre om direktørens tankegang. Det var også en god mulighet til å diskutere akk «mange margarinala» som vi trenger, men fremdeles ikke har fått til å sette igang nye bestemmelser. Etter dette var det en god mulighet til å diskutere med tanke for aktionene til skade for arbeidslivet og samfunnet ført til det avgjørende brudd med den helt frie konkurranses prinsippene det var verdsukaugen. Det viste sig da at det var ikke bare lønnsomt å ha konkurranseregulering, men det måtte gripe reglene inn på alle frontar. Og da kritiken sluttet, vendte man innsettet tilbake til en annen sak, nemlig hvordan man kan få konkurransereguleringa til å virke i en konkurransesituasjon, slik at ikke nok med et sammenhengende eksisterende næring; skal man

■ ■ Etter mykje debatt vart ei permanent prislov vedteke i 1953, gjeldande frå 1. januar 1954. Samstundes vart Prisrådet oppretta.

Formålet med pris- og konkurransopolitikken i perioden 1954 til 1971 var å effektivisere konkurransen. Etter kvart som varetilgangen etter krigen vart meir rikeleg, vart generelle og spesielle prisreguleringar avvikla. Det kom forskrifter i 1957 og 1960 som forbudt bindningar frå leverandørar si side og prissamarbeid mellom næringsdrivande. Desse forskriftene markerer overgangen frå eit rent inngrepsregelverk til eit forbodsregelverk.

Norske pris- og konkurransedirektørar

| | |
|-----------|--------------------------|
| 1917–1921 | Hans Johnsen Gurstad |
| 1921–1960 | Wilhelm Lauritz Thagaard |
| 1961–1977 | Rolf Ingvar Semmingsen |
| 1977–1982 | Charles Philipson |
| 1983–1995 | Egil Bakke |
| 1995–1999 | Einar Hope |
| 1999– | Knut Eggum Johansen |

■ ■ I 1958 vart Prisdirektoratet sine distriktskontor og Statens pris- og rasjoneringsinspeksjon slått saman og omdanna til Statens pristilsyn. I 1961 vart Statens pristilsyn administrativt underlagt Prisdirektoratet som ein ytre etat, med åtte og seinare ni distriktskontor.

Frå 1961 og fram til byrjinga av 1980-talet var regjeringa si styring og instruksjon av Prisdirektoratet sterkt. Prisregulering vart praktisert ganske hyppig, mellom anna for å løyse ad hoc-problem på arbeidsmarknaden. Hovudoppgåva til prisstyresmaktene var å medverke til å få prisutviklinga under betre kontroll.

Arbeidet med å fremje ein effektiv konkurranse var lågt prioritert i denne perioden. Straffeforfølginga av næringsdrivande som bratt konkuransereglane, var svært mild, om ho i det heile teke fann stad.

■ ■ Den gjeldande konkuranselova kom 1. mai 2004. Den nye lova inneber ein meir omfattande fusjonskontroll, eit generelt forbod mot samarbeid som innskrenkar konkurranse og eit forbod mot misbruk av dominante stilling. Næringsdrivande har plikt til å melde fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet.

Konkuransestyresmaktene kan gje kraftige administrative bøter ved brot på lova. Bøtene kan vere på inntil 10 prosent av den årlege omsetjinga til selskapet. Bedrifter som hjelper Konkurransetilsynet med å avdekke lovbroter, kan få reduserte bøter.

1. juni 2004 var det offisiell opning av Konkurransetilsynet sitt nye kontor i Telegrafbygningen midt i Bergen sentrum.

Sekretariatet til Klagenemnda for offentlege anskaffingar vart administrativt underlagt Konkurransetilsynet våren 2005, og flytta med til Bergen i 2006.

1961

1981

1994

2004

2007

■ ■ I langtidsprogrammet for 1982 til 1985 gjorde Brundtland-regjeringa det klart at prisane i hovudsak skulle vere resultat av ein effektiv konkurranse mellom bedriftene, og at ein berre i liten grad burde nytte direkte prisregulering. Dei neste åra vart mesteparten av prisreguleringsane avvikla under liten eller ingen strid.

Prisdirektoratet børsta støvet av forskriftene frå 1957 og 1960 som forbaud leverandørreguleringar og prissamarbeid, og trekte tilbake mange dispensasjonar. Dette markerte starten på kampen mot kartella i Norge. I åra som følgde, vart ei rekke brot på desse føresegnene avdekkja, mellom anna fleire kartell av bransje- og landsdekkande karakter.

I 1988 fekk prislova eit svært viktig tillegg, som innebar at Prisrådet kunne forby fusjonar og oppkjøp som ville vere til skade for konkurranse.

■ ■ Konkuranselova av 1993 byrja å gjelde, og Konkurransetilsynet avløyste Prisdirektoratet og Statens pristilsyn. Prisrådet vart avvikla.

I 2001 vart etaten omorganisert, og dei åtte regionkontora vart avvikla. To år seinare vedtok Stortinget at åtte statlege tilsyn, blant dei Konkurransetilsynet, skulle flyttast ut av Oslo innan 2007.

■ ■ Etter ein kontinuerleg flytteprosess i nærmere to og eit halvt år, var heile leiargruppa i tilsynet samla i Bergen frå 1. september 2006. Den siste marknadsavdelinga i Oslo vart avvikla, og ansvarsområda vart delte på to marknadsavdelingar i Bergen. Ved inngangen til 2007 hadde nærmere 90 personar arbeidet i Bergen sin ved det nye kontoret.



FLYTTEPROSESSEN I MÅL

I 2006 var Konkurransetilsynet prega av sluttfasen i oppbygginga av tilsynet i Bergen. Ved inngangen til 2007 arbeidde nærmere 90 medarbeidarar i Bergen. Då flyttevedtaket vart godkjend i Stortinget i juni 2003, var det 116 tilsette i tilsynet. Ved årsskiftet 2006/2007 hadde 98 av disse slutta.



■ ■ Trass i at mange slutta i samband med flytinga, har tilsynet lukkast med å rekruttere svært dyktige fagfolk i Bergen. Talet på søkjarar til jobbar i tilsynet har vore høgt, noko som syner at mange ynskjer Konkurransetilsynet som arbeidsplass. Tilsynet har eit godt omdøme. Utfordringa har vore å rekruttere, halde på og utvikle medarbeidarar med erfaring og kjennskap til analyse og handsaming av konkurransesaker. Av dei fagtilsette på marknadsavdelingane og i staben, hadde 40 prosent mindre enn eitt års tenestetid i tilsynet ved årsskiftet. Det har difor vore lagt særleg vekt på opplæring og erfaringsoverføring.

Samstundes har 2006 også vore prega av mange store og vanskelege saker. Særleg har saker knytt til konkurranse i luftfart og daglegvaremarknadene kravd store ressursar. Forbodet mot misbruk av dominerande stilling var nytt i den norske konkurranselova i 2004, og spesielt to saker har kravd mykje tid og ressursar.

Den første saka gjaldt SAS Braathens. I juni 2005 gav Konkurransetilsynet flyselskapet eit lovbrotsgebyr på 20 millionar kroner for å ha misbrukt si dominerande stilling på flyruta Oslo–Haugesund. Tilsynet meinte SAS Braathens hadde sett prisane for lågt for å presse ut konkurrenten frå marknaden. Saka enda i retten, og SAS Braathens fekk medhald i Oslo tingrett. Konkurransetilsynet har anka, og saka kjem opp til fornya handsaming i lagmannsretten i januar 2008. Den andre saka gjaldt Tine, som i september 2005 fekk varsel om at Konkurransetilsynet vurderte å gje selskapet eit lovbrotsgebyr for å ha pressa konkurrenten Synnøve Finden ut av ostehyllene til Rema 1000. Konkurransetilsynet arbeidde i heile 2006 med å svare på innspela frå Tine

til varselet, og vedtok i februar 2007 å oppretthalde lovbrotsgebyret på 45 millionar kroner.

2007 vert året for å styrke organisasjonen i Bergen. Hovudfokus i år vert arbeid mot ulovleg prissamarbeid, anbodssamarbeid og marknadsdeling. Dette er åtferd som gjer varer og tenester dyrare både for forbrukarar og for offentleg sektor. Vi vil i denne samanhengen utvikle samarbeidet mellom tilsynet si ordinære verksemد på området og arbeidet til sekretariatet for Klagememnda for offentlege anskaffingar (KOFA), som no er ein del av tilsynet.

Kvart år utgjer offentlege innkjøp mellom 200 og 300 millionar kroner. Frå ein konkurranseståstad er det viktig at reglane for offentlege innkjøp vert følgte. Reglane legg til rette for auka konkurranse mellom tilbydarar av varer og tenester. Samstundes vil effektiv handheving av konkurranselova sitt forbod mot konkurranseskadeleg samarbeid bidra til at konkurransen om offentlege oppdrag vert reell. Effektiv konkurranse om offentlege oppdrag vil også bidra til å redusere sjansane for, og dermed omfanget av, korruption og andre former for økonomisk kriminalitet.

Årsmeldinga gjev ei nærmare oversikt over viktige saker i året som gjekk og gjev også perspektiv for arbeidet framover. God lesing!

HOVUDRESULTAT 2006



■ ■ I 2006 vart to saker melde til Økokrim, og det vart gjort bevis-sikring i to andre saker. I ei sak fekk ESA hjelp frå Konkurran-setilsynet til å gjennomføre ei bevissikring. I tre tidlegare melde-saker konkluderte Økokrim med forelegg på til saman 40 millionar kroner.



■ ■ Granskinga av Tine og dag-legvarekjedene starta i desember 2004, etter at Synnøve Finden vart ekskludert frå Rema 1000. I februar 2007 fekk Tine eit lovbrotsgebyr på 45 millionar kroner. Konkurran-setilsynet har innført meldeplikt for daglegvarekjedene sine årsavtalar med store matvareleverandørar. I tillegg granskar tilsynet informasjonsutvekslinga mellom kjedene.



■ ■ Frå 1. januar 2006 gjer nye reglar det enklare å byte forsikringsselskap. Samstundes viser studiar at vanskane med å samanlikne bank- og forsikringsprodukt frå ulike selskap verkar dempande på konkurransen. Konkurransetil-synet har difor anbefalt å opprette ein finansportal på Internett, og regjeringa har løyva pengar til utvikling av ein slik portal i 2007.



■ ■ Forbodet mot SAS sitt bonus-program i 2002 var avgjeraende for at det på ny vart konkurranse i norsk innanriks luftfart. Tilsynet har også gripe inn mot storkundeavta-lar og underprisning. Dette har ført til lågare priser, fleire flyavgangar og meir fleksible billettar. Prisfallet inneber at norske forbrukarar sparar 1–2 milliardar kroner kvart år.

ETTERFORSKING



EKSPRESSBUSS



■ ■ Etter at det vart opna for fri etablering av ekspressbussruter, har Konkurransetilsynet ønskt å sjå nærmare på ekspressbussmarknaden. Ekspressbussnæringa er prega av ulike former for samarbeid, både på enkelruter og nasjonalt. I mars 2006 varsla Konkurransetilsynet deltakarane i Kystbuss-samarbeidet om at tilsynet vurderer å påleggje dei å avvikle samarbeidet.

DAGLEGVARER OG MAT



BOKBRANSJEN



■ ■ Gjennom ei eiga forskrift er bokbransjen unntake fra delar av konkurranselova. Saman med den nye bokbransjeavtalen frå 2005, gjev dette aktørane eit avgrensa høve til å konkurrera på pris. Ei undersøking gjort av Konkurransetilsynet syner at det er selt vesentleg meir skjønnlitteratur og at prisane på skjønnlitteratur har falle etter at den nye avtalen vart sett i verk.

BANK OG FORSIKRING



KRAFTMARKNADEN



■ ■ Ein studie utført i 2006 viser tette band i form av krysseige og utvek-sling av informasjon mellom norske kraftprodusentar. Konkurransetil-synet har vore skeptisk til oppkjøp som aukar konsentrasjonen i marknaden, og har saman med NVE eit system for å overvake prisutviklinga. I 2006 vart det innført nye reglar for organiseringa av selskap som driv både nett og kraftomsetjing.

LUFTFART OG TRANSPORT



TELEMARKNADEN



■ ■ Den teknologiske utviklinga, kombinert med stadig fleire aktørar, pressar prisane på teletjenester nedover. Stadig fleire byter leve-randør, og forbrukarane nyt godt av nye og forbetra tilbod. Konkurransetilsynet samarbeider med Post- og teletilsynet for å sikre nye aktørar og teknologiar vilkår som gjer det mogleg å konkurrere.

KORT OM KONKURRANSETILSYNET

Konkurransetilsynet arbeider for sunn konkurranse, til beste for forbrukarane og næringslivet. Hovudoppgåva til Konkurransetilsynet er å handheve konkuranselova.

■■■ Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg rammene for arbeidet til Konkurransetilsynet. Departementet er klageinstans for tilsynet sine vedtak og avgjerder, bortsett fra vedtak om lovbrotsgebyr. Kvart år utarbeider departementet eit tildelingsbrev med rammer for verksemda det komande året. Drifta vert finansiert over statsbudsjettet.


Stortinget vedtok i 2003 at Konkurransetilsynet skulle flytte til Bergen innan 1. januar 2007. Flytinga er gjennomført som føresett, og tilsynet er no etablert i Telegrafbygningen i Bergen sentrum.

KONKURRANSETILSYNET SINE OPPGÄVER

- Kontrollere at næringsdrivande respekterer forboda i konkuranselova mot samarbeid som avgrensar konkurranse og mot misbruk av dominerande stilling
- Føre kontroll med at fusjonar, oppkjøp og andre føretakssamanslutningar ikkje avgrensar konkurranse vesentleg
- Påpeike offentlege tiltak som har uehelige verknader på konkurranse

For å kunne utføre desse oppgåvene, driv Konkurransetilsynet utgreiingsarbeid. Konkurransetilsynet kan gje næringsdrivande gebyr om dei bryt konkuranselova. Den noverande konkuranselova tredde i kraft 1. mai 2004.

KONKURRANSETILSYNET I SAMFUNNET



ORGANISASJONEN

■ ■ FAGSTAB

Samordnar og kvalitetssikrar juridisk, økonomisk og internasjonalt arbeid.

■ ■ INFORMASJONSSTAB

Driv eksternt og internt informasjons- og kommunikasjonsarbeid.

■ ■ KOFA-SEKRETARIATET

Sekretariatet for Klagenemnda for offentlege anskaffingar. Er administrativt underlagt Konkurransetilsynet.

■ ■ MARKNADSAVDELINGANE

Fører tilsyn med marknadene, vurderer og sett i verk tiltak overfor avgrensingar i konkurransen. Her skjer sakshandsaminga og mykje av utgreiingsaktivitetane.

■ ■ ADMINISTRASJONSAVDELINGA

Ansvarleg for personaladministrasjon, økonomiforvaltning, dokumentasjon, IKT-tjenester og administrativ service.

Marknadsavdeling I

Avdelingsdirektør

Jostein Skaar

Avdelingsrådgjevar

Kaja Wølneberg

Seksjonsleiar

Mona Ljunggren

Seksjonsleiar

Magnus Gabrielsen

Seksjonsleiar

Eivind Stage

Seksjonsleiar

Asbjørn Englund

Etterforskning

Fung. etterforskningsleiar

Jakob Aars

Marknadsavdeling II

Avdelingsdirektør

Jostein Skaar

Avdelingsrådgjevar

Anne Grete Hestnes

Seksjonsleiar

Birgit Løyland

Seksjonsleiar

Håkon Cosma

Seksjonsleiar

Ingunn Bruvik

Administrasjonsavdeling

Avdelingsdirektør

Bjørn Braathen

Personalsjef

Vibeke F. Orkelbog

Seksjonsleiar

Hogne Steinbakk

Seksjonsleiar

Espen Sjøvoll

Seksjonsleiar

Thor Arne Ringstad

ÅRET SOM GJEKK

JANUAR

- Konkurransetilsynet får melding om fusjonen mellom Gilde og Prior.



FEBRUAR

- Konkurransetilsynet får ny postadresse – i Bergen.
- Konkurransetilsynet arrangerer ei open høyring om kva prinsipp Europakommisjonen bør byggje på når den handhevar EF-traktaten sitt forbod mot misbruk av dominerande stilling.

MAI

- Konkurransetilsynet sender ut vedtak om lovbrotsgebyr til 28 selskap som ikkje melde frå i tide om meldepliktige fusjonar eller oppkjøp. Det høgaste gebyret er på 90 000 kroner.



MARS

- Richard Whish og Thomas Vinje er blant føredragshaldarane på Konkurransetilsynet sin konferanse om fusjonar og oppkjøp.
- Dei tre selskapa som driv Kystbussen får varsel om at dei kan verte pålagte å avvikle samarbeidet.

APRIL

- EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) gjennomfører ei bevisikring hos Color Line, med hjelpe frå Konkurransetilsynet.
- Ei undersøking blant befolkninga og brukarar av Konkurransetilsynet syner at heile 9 av 10 meiner tilsynet sitt arbeid er viktig for samfunnet.



JUNI

- Konkurransetilsynet forbyr fusjonen mellom Gilde og Prior.
- To maskinentreprenørar vert melde til politiet for ulovleg samarbeid.
- Ein rapport om bokprisar syner at det er selt meir skjønnlitteratur og at prisane har falle frå 2005.
- Konkurransetilsynet får medhald i lagmannsretten for at tilsynet kan oversende varselet i Tine-saka til ICA og Rema. Tine har forsøkt å hindre dette ved å gå til sak mot tilsynet.
- Konkurransetilsynet utnemner ein forvaltar som skal sjå til at Prior følgjer vilkåra for å få kjøpe Norgården.

JULI

- Økokrim skriv ut førelegg på til saman 36 millionar kroner og inndraging av 5,6 millionar kroner frå ni entreprenørar i asfaltbransjen og byggebransjen.
- Konkurransetilsynet avslår ein førespurnad om å gripe inn mot Color Line si rute mellom Bergen/Stavanger og Hirtshals.
- Oslo tingrett konkluderer med at SAS Braathens ikkje braut konkuranselova på strekninga Oslo-Haugesund der Coast Air var konkurrent. Konkurransetilsynet ankar dommen.

AUGUST

- Konkurransetilsynet er vertskap for dei andre nordiske konkurransestyremaktene på ei to dagars samling i Os utanfor Bergen.
- Ein rapport frå dei nordiske konkurransestyremaktene tilrår fleire tiltak for å betre konkurranseituasjonen for banktenester til forbrukarkundar.



SEPTEMBER

- Finansminister Kristin Halvorsen varsler at regjeringa vil løyve pengar til ein finansportal med samanlikning av prisar og vilkår på bank- og forsikringsprodukt.
- Konkurransetilsynet forbyr Falck Danmark sitt oppkjøp av Viking Redningstjeneste.

OKTOBER

- Fornyings- og administrasjonsdepartementet opphevar Konkurransetilsynet sitt vedtak om å forby fusjonen mellom Gilde og Prior.
- Ein leverandør til olje- og gassindustrien vert meld til politiet for forsøk på anbodssamarbeid.
- Konkurransetilsynet grip ikkje inn mot fusjonen mellom HSD og Gaia, men peikar på moglege konkuranseproblem som er avdekka i samband med handsaminga av saka.

NOVEMBER

- Alle søknadene om Skattefunn-kompensasjon er handsama, og over 31 millionar kroner vert utbetalt.
- Konkurransetilsynet avslår å gripe inn mot forvaltninga av VG-lista etter ei klage frå C+C Records.

DESEMBER

- Selskapa Uniprotect og Pro-Corr, og tre sentrale personar i desse selskapa, vedtek førelegg frå Økokrim for ulovleg prissamarbeid.
- Konkurransetilsynet gjev ut boka *Competition and Welfare: The Norwegian Experience*.



MAGASIN

SUNN KONKURRANSE KJEM FORBRUKARANE TIL GODE
IFORM AV LÅGARE PRISAR, BETRE UTVAL, BETRE KVALITET OG
UTVIKLING AV NYE PRODUKT.

Tine hardt straffa for brot på konkurranselova

I februar 2007 fekk Tine eit lovbrotsgebyr på 45 millionar kroner for å ha utnytta si dominerande stilling og for å ha inngått eit samarbeid med skadelege verknader for konkurransen.

■ Konkurransetilsynet konkluderte med at det var stor fare for at Tine sin einaste konkurrent, Synnøve Finden, kunne ha vorte pressa ut av marknaden på grunn av Tine si ekskluderande åtferd. Den reduserte konkurransen ville ha råka forbrukarane i form av høgare priser, lågare produktutval og mindre produktutvikling.

Tilsynet sine undersøkingar viste at Tine og Rema 1000 hausten 2004 vart samde om ein leveranseavtale som innebar at Synnøve Finden mista plassen sin i Rema-hyllene. Som motyting for berre å ha Tine som leverandør av kvitost og brunost, fekk Rema millionbeløp i auka rabattar frå Tine. I byrjinga av 2005 var produkta til Synnøve Finden borte frå Rema-butikkane i ein kortare periode. Sterke reaksjonar frå forbrukarar gjorde at Rema valde å ta produkta inn igjen. Den ulovlege handlinga ligg i at Tine gjennom sin framgangsmåte under årsforhandlingane oppnådde ein eineleverandørposisjon hos Rema 1000. I tillegg freista Tine på tilsvarande vis å få ein eineleverandørposisjon i Rimi-kjeda gjennom årsforhandlingane med ICA Norge i 2004. Etter tilsynet si vurdering er Tine si åtferd når det gjeld Rema 1000 også i strid med konkurranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurransen.

DOMINERANDE AKTØRAR HAR SÆRSKILT ANSVAR

Dersom Synnøve Finden hadde vorte utestengt frå Rema 1000 over ein lengre periode, og samstundes hadde vorte fjerna frå Rimi-butikkane, ville faren vore stor for at selskapet ville fått redusert konkurranseevne og i verste fall måtte ha trekt seg frå marknaden.

Konkurransetilsynet har gjennom fleire år jobba med ei rekke konkrete saker for å styrke

konkurransen i meierimarknadene. Etter konkurranselova har dominerande aktørar som Tine eit særskilt ansvar for å sjå til at handlingane deira ikkje er i strid med konkurransereglane. Hadde Tine lukkast med å bli einaste leverandør av kvitost og brunost i Rema 1000 og Rimi, ville det ført til ei ytterlegare svekking av ostemarknadene i Norge. Dette ville hatt uheldige verknader for forbrukarane og for ressursbruken i samfunnet.

■ Konkurransetilsynet byrja granskingsa av Tine og daglegvarekjedene i desember 2004.

■ 15. –17. februar 2005 gjennomførde tilsynet bevissikring hjå blant anna Tine, Rema og ICA. Det er gjort forklaringsopptak med ei rekke personar.

■ I september 2005 varsle tilsynet Tine om at selskapet kunne få eit lovbrotsgebyr på inntil 45 millionar kroner. Tine sende i november sitt tilsvare til varselet. Tine motsa ei rekke av tilsynets sine vurderingar og meinte at selskapet ikkje hadde brote konkurranselova.

■ I februar 2006 gjekk Tine til retten for å hindre Konkurransetilsynet i å sende kopi av varselet om lovbrotsgebyr til Rema og ICA. I juni same år fekk tilsynet likevel retten si godkjenning til å legge fram varselet.

◀ 1980 Marknaden for daglegvarer er dominert av nokre få produsentar og grossistar, medan butikkane er mange, små og uavhengige. Rema har tre butikkar. Tju år seinare er strukturen i marknaden dramatisk endra.

◀ 1999 Konkurransetilsynet vedtek ei ny forskrift om prisopplysing for varer. Forskrifta krev at butikkane oppgjev prisen per eining og skal gjøre det enklare å samanlikne priser.

NA24 19. FEBRUAR 2007

«GA TINE EN BOT PÅ 45 MILLIONER KRONER»

DETTE VAR SAKA: Tidligere i dag kom meldingen om at Konkurransetilsynet ga Tine en bot på 45 millioner kroner for å ha misbrukt sin dominerende markedsmakt og for konkurransebegrensende samarbeid. – Dette viser at den nye konkurranseloven som vi fikk vedtatt i forrige periode, virker. Konsekvensene for store selskaper som misbruker dominerende stilling på bekostning av forbrukere og mindre aktører, bør svi skikkelig. Jeg synes Konkurransetilsynet har tatt en modig beslutning, sier konkurransepoltisk talsmann Torbjørn Hansen fra Høyre.



2003 Den tyske lågpriskjeda Lidl etablerer seg i den norske marknaden.



2006 Konkurransetilsynet innfører meldeplikt for daglegvarekjedene sine årsavtalar med store matvareleverandørar, og granskar informasjonsutvekslinga mellom kjedene.

Viktige saker i 2006



Overvakar fusjonen mellom Prior og Norgården

■ I 2006 følgde Konkurransetilsynet opp vilkåra for fusjonen mellom Prior og Norgården. Tilsynet greip inn mot fusjonen i 2005, fordi den ville svekkje konkurransen mellom eggprodusentar. Regjeringa omgjorde tilsynet sitt vedtak i februar 2006 ut frå landbrukspolitiske omsyn. Prior fekk kjøpe Norgården på to vilkår. For å redusere dei uheldige verknadene for konkurransen, måtte Prior selje Norgården sine aksjar i selskapet Eggprodukter AS. I tillegg må Prior forsyne Eggprodukter med råvarer som erstatning for råvarer frå Norgården. I juni 2006 utnemnde Konkurransetilsynet ein forvaltar til å overvake at desse pålegga vert følgde. Det var første gongen tilsynet nyttar høvet til å utnemne ein forvaltar i ei slik sak. Salet av aksjane i Eggprodukter vart gjennomført i november 2006.

Sa nei til Gilde–Prior – departementet sa ja

■ Konkurransetilsynet vedtok i juni 2006 å forby fusjonen mellom Gilde Norsk Kjøtt BA og Prior Norge BA. Fusjonen var mellom to produsentar som i utgangspunktet ikkje kan reknast som store konkurrentar. Tilsynet var likevel uroa over at fusjonen kunne svekkje konkurransen i fjørfemarknaden, der det frå før var liten konkurranse. Konkurransetilsynet fann det truleg at Gilde kunne starte med produksjon av fjørfeprodukt, og dermed måtte vurderast som ein potensiell konkurrent til Prior. Trusselen om etablering kunne i seg sjølv ha gjort Prior og andre produsentar tilbakehaldne med

å auke prisane, og stimulert dei til å redusere kostnadene eller utvikle fleire og betre produkt. Tilsynet meinte at fusjonen fjerna Gilde som ein slik potensiell konkurrent til Prior.

Gilde og Prior påklaga vedtaket til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Departementet var usamd i tilsynet si faglige vurdering og tillet fusjonen i oktober 2006. Departementet meinte at trusselen om at Gilde kunne etablere seg i fjørfemarknaden ikkje ville påverke konkurransen i særleg grad, i nær framtid.



Avgjerd gjev betre utval av ost i butikkane

■ I oktober 2006 ba Fornyings- og administrasjonsdepartementet Konkurransetilsynet gjere greie for eit vedtak frå 2003 om importtoll på ost.

Import av ost til Norge var i 2003, som i dag, regulert gjennom toll og kvotar. Importkvotane var ikkje store nok til å møte etterspurnaden etter importert ost i butikkane. Difor måtte grossistar og detaljistar importere ost med full toll når kvotane var brukt opp.

For å kunne tilby forbrukarane eit godt utval av importert ost til same pris heile året, laga leverandørar, grossistar og detaljistar ei rabattordning der dei delte tollutgiftene mellom seg. Konkurranse-

tilsynet kom i 2003 til at rabattordninga styrka konkurransen og ga betre utval av ost for norske forbrukarar. Sjølv om ordninga i utgangspunktet var i strid med den dåverande konkurranselova, ga tilsynet difor ein tidsavgrensa dispensasjon for rabattordninga fram til sommaren 2008.

I tråd med oppdraget frå departementet, vurderte Konkurransetilsynet dei eksisterande avtalene etter § 10 i koncurranselova som gjeld i dag. Tilsynet kom til at avtalane er lovlege. Dispensasjonen frå 2003 var altså ikkje lengre naudsynt. Difor trakk tilsynet den tilbake. Avtalane det er tale om, og nye slike avtalalar, vil vere lovlege både i dag og i framtida.



Ny meldeplikt skal gje sunn konkurranse om daglegvarer

■ Ved årsskiftet 2005–2006 innførte Konkurransetilsynet meldeplikt for årsavtalane mellom daglegvarekjedene og matvareleverandørar. Meldeplikta inneber at Norgesgruppen, ICA, Coop, Rema 1000, Lidl og Smart Club må melde frå om sine avtalar med 25 marknadsleiane leverandørar. Målet er å skape sunn konkurranse mellom daglegvarekjedene, sikre

eit godt tilbod for forbrukarane og å hindre at mindre og nye leverandørar og daglegvarekjeder vert utesengde frå marknaden.

98 prosent av alle daglegvarer vert i dag selde gjennom butikkar i paraplykjedene Norgesgruppen, Ica, Coop og Rema 1000. Desse kjedene tek mange avgjærder sentralt. Det betyr at fire

marknadsaktørar i realitetten avgjer prisar, utval og kvalitet. I tillegg har Smart Club og Lidl dei siste åra etablert butikkar i den norske marknaden, men dei to aktørane er førebels små.

Tilsynet har vurdert årsavtalane for 2006 og følgt opp gjennom møter med dagligvarekjedene. Meldeplikta gjeld fram til 1. januar 2010.

Stansar detaljert informasjonsutveksling

■ Konkurransetilsynet har vurdert å gripe inn mot daglegvarekjedene si utveksling av prisinformasjon gjennom analysebyrået ACNielsen, fordi den kan svekkje konkurransen mellom kjedene. Etter at tilsynet orienterte dei om sine vurderingar, har partane sjølv valt å endre praksis.

Kvar veke har daglegvarekjedene gjennom rapportar frå ACNielsen hatt tilgang til fersk og detaljert informasjon om prisane til konkurrentane. Utveksling av slik informasjon kan vere eit brot på forbodet i konkurranselova mot samarbeid som avgrensar konkurransen.

Informasjonsutvekslinga gjer marknaden meir gjennomsiktig for kjedene, slik at dei kan reagere raskt på prisendringar hjå konkurrentane. Den reduserte uvissa i marknaden bidrar til å dempe konkurransen.

Etter orienteringa frå Konkurransetilsynet har ACNielsen og daglegvaregrupperingane avtalt å gjere vesentlege endringar i rapporteringa. Informasjonen vil bli mindre detaljert, mindre fersk, og som følgje av dette mindre eigna til å skade konkurransen.

Forsvarer foredling av landbruksvarer i utlandet

■ Tollvernet for landbruksvarer er høgt i Norge. Lågare toll er likevel mogleg dersom det er norske råvarer i produkta som skal til landet. Ei forskrift gjev bedrifter høve til å føre norske landbruksråvarer ut av landet, tilverke desse til ferdigvarer i utlandet, og deretter få tollfridom for den delen av vara som inneheld av dei norske råvarene.

Bruken av ordninga har auka sidan ho kom i stand sommaren 2005. Ordninga gjer det lettare for næringsmiddelaktørar å etablere seg i Norge. Det gjeld spesielt mindre aktørar, som har for lågt sal i Norge til at det løner seg å

investere i fabrikkanlegg og utstyr. I staden kan dei produsere varene på fabrikkanlegg i utlandet. Resultatet av ordninga er eit større utval i butikkhyllene for norske forbrukarar.

Landbruks- og matdepartementet foreslo i mai 2006 å stramme inn ordninga, mellom anna ved at berre mindre delar av produksjonen kan gjerast i utlandet. Konkurransetilsynet peika i sitt høyringssvar på at ei innskjerping ville føre til mindre konkurranse, høgare prisar og lågare fokus på effektivisering av produksjonen i Norge, til skade for forbrukarar og bønder.



Konkurransen i bankmarknaden skal styrkast

Ein rapport syner at det er potensial for sterkare konkurranse i bankmarknadene i dei nordiske landa. Rapporten foreslår fleire tiltak for å betre konkurransen. Fleire av tiltaka er allereie under utarbeidning.

■ ■ ■ Bankmarknaden i dei nordiske landa er prega av forholdsvis høg konsentrasjon. Det vil seie at få aktørar kontrollerar marknaden. Koncentrasjonen i Norge er noko lågare enn i dei andre nordiske landa. Det kjem fram i rapporten «Competition in Nordic Retail Banking», som Konkurransetilsynet og dei andre nordiske konkurransestyresmaktene ga ut i august. Kombinasjonen av høg konsentrasjon og god lønnsmed i bankbransjen er positiv med tanke på finansiell stabilitet i sektoren. Lønnsmeda kan også vere eit uttrykk for at bankane har meir å gå på i konkurransen om kundane, utan at dette går på tvers av omsynet til finansiell stabilitet. På denne bakgrunnen foreslår rapporten fleire tiltak som vil styrke konkurransen. Dei viktigaste tiltaka er retta mot bankkundane. Dei går ut på å gjøre det enklare for bankkundane å samanlikne produkt frå ulike bankar, og at det må verte enklare å byte bank.

BØR VERE ENKLARE Å SAMANLIKNE KOMPLEKSE BANKPRODUKT

Undersøkingar syner at forbrukarane opplever det er vanskeleg å samanlikne tilbod frå ulike bankar. Dette skuldast primært at produkta er komplekse og at bankane brukar såkalla lojalitetsprogram.

Kompleksiteten ligg mellom anna i at fleire faktorar enn pris er avgjerande når ein kunde skal velje bank. Lojalitetsprogram som inneholder produktpakker er vanleg blant dei eta-

blerte aktørane. Kundane får betre vilkår viss dei kjøper fleire produkt frå same bank. Ulik prisstruktur og forskjellige vilkår kan føre til at forbrukarane mister oversikta. Ein uheldig verknad er at kundane vert mindre tilbøyelige til å byte bank. Dette gjer det også vanskeleg for nye aktørar å komme inn på marknaden.

Rapporten «Competition in Nordic Retail Banking» støttar planane om å etablere ein finansportal på Internett for å gjøre det enklare for forbrukarane å samanlikne bank- og forsikringsprodukt. Sverige og Danmark kan vise til gode erfaringar med tilsvarende nettportalar.

SKAL VERE ENKLARE Å BYTE BANK

Ein ny trend i bankmarknaden er at kundane no i større grad enn tidlegare brukar meir enn ein bank. Ofte kombinerer forbrukaren enkelte produkt frå nyare nisjebankar med andre produkt frå dei veletablerte aktørane. Det at kundane «shoppar» dei beste produktta frå ulike leverandørar, er ei positiv utvikling som kjem kundane til gode gjennom auka konkurransen.

Rapporten «Competition in Nordic Retail Banking» slår like fullt fast at kundemobiliteten i den nordiske bankmarknaden er forholdsvis låg. Det gjev mindre konkurranse. Difor oppfordrar rapporten til tiltak som reduserer ulempene for kundane ved byte av bank. Ulempene knyter seg i stor grad til gebyr ved flytting, praktisk omorganisering ved skaffing av nye

betalingskort, meddeling av nytt kontonummer til relevante partar og, for mange, bortfall av eit tillitsforhold til ein kunderådgjevar i tidlegare bank. Finansdepartementet har blant anna på bakgrunn av funna i rapporten bede ei arbeidsgruppe vurdere tiltak og ordningar som kan hjelpe med å redusera ulempene med bankbytte og auke konkurransen i sektoren. Gruppa skal levera si utgreiing i juni 2007.

◀ **2000** SkandiaBanken startar den første reine nettbanken for privatpersonar i Norge. Denne og andre nisjebankar syner forbrukarane at det kan løne seg å kjøpe tenester frå ulike bankar.

◀ **2001** Konkurransetilsynet forbyr eineleverandøravtalar mellom BBS og bankane i samband med elektroniske fakturaer. Avtala innebar at nettbankar ikkje kunne presentere e-fakturaer for midla av andre enn BBS.

BERGENS TIDENDE 20. JUNI 2006

«SKADEFORSIKRING UNDER KONKURRANSELUPEN»

DETTE VAR SAKA: Forsikringsmarkedet i Norge er preget av noen få, store aktører. Mange forbrukere oppfatter skadeforsikringer som kompliserte produkter, og det kan være vanskelig å sammenligne tilbudene fra ulike selskaper. En internettportal med sammenligning av vilkår og priser kan øke kundemobiliteten og bedre konkurransen, mener Konkurransetilsynet i en ny rapport. Tilsynet har på oppdrag fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet vurdert konkurranseforholdene i markedet for skadeforsikring. Bakgrunnen for oppdraget var at forsikringspremiene har økt kraftig de siste årene. Undersøkelsen viser imidlertid at forholdet mellom premier og utbetalingar svinger i naturlige sykler over tid. Det er derfor ikke grunnlag for å konkludere med at dagens premienivå skyldes en forverring av konkurancesituasjonen.



2003 Konkurransetilsynet stiller ei rekje vilkår for å godkjenne fusjonen mellom DnB og Gjensidige NOR.



2006 Gebyret for å byte bank ved refinansiering av bustadlån vert redusert frå 2112 til 215 kroner. Dette skal bidra til å auke konkurransen.

Viktige saker i 2006



Enklare å velje rett produkt med ny nettportal

■ ■ Konkurransetilsynet har både i den norske bankrapporten og i skadeforsikringsrapporten peika på at det må verte enklare å samanlikne bank- og forsikringsprodukt. Kredittilsynet, Forbrukarrådet og Forbrukarombordet har foreslått å utvikle ein internettportal, «finansportalen.no». Tiltaket har eit todelt siktemål; å hjelpe forbrukarane å orientere seg i marknaden, og å auke konkurransen mellom finansinstitusjonane.

Regjeringa har løyvd 6 millionar kroner over statsbudsjettet for 2007 til etablering av finansportalen. Målet er at portalen skal vere på nettet innan utgangen av året. Portalen skal omfatte daglegbanknestester, lån, spareprodukt og forsikring. Den vil gje brukarane gratis og oversiktleg informasjon når dei leiter etter det beste tilbodet. I tillegg til å samanlikne prisar vil portalen gje kundane viktig informasjon om produkta. Dette kan bøte på samanlikningsproblema knytte til at mange av produkta kjem i pakketilbod. Portalen bør difor fungera slik at forbrukarane kan velje å vurdere enkeltprodukta både i samla produktpakker og kvar for seg.

Vil styrke konkurransen i skadeforsikringsmarknaden

■ ■ Konkurransetilsynet fekk 9. desember 2005 i oppdrag frå det dåverande Moderniseringsdepartementet å vurdere konkurransesforholda i marknaden for skadeforsikring. Departementet ville blant anna ha svar på om rammevilkåra for bransjen i tilstrekkelig grad legg til rette for konkurranse.

Undersøkingane syner at konsentrasjonen i den samla forsikringsmarknaden er høg. Marknadsdelane ser ut til å vere stabile, mens nisjeaktørar synest berre å utgjere eit avgrensa konkurransekorrektiv. Formålet med undersøkinga var mellom anna å klarlegge om det høge premienivået i skadeforsikringsmarknaden skuldast manglande konkurranse. Ut frå undersøkingane er det etter Konkurransetilsynet sitt syn ikkje grunnlag for ein slik konklusjon. Undersøkingane syner blant anna at særnorske krav til kapitaldekning kan vere eit etableringshinder for oppstart av nye forsikringsselskap i Norge. Konkurransetilsynet rår til at dei norske kapitalkrava, i den grad dei er strengare enn tilsvarande krav i EU/EØS, bør senkast.

Etter at EU-direktivet om kapitaldekningskrav vart endra, foreslo Finansdepartementet i 2006 også endringar i det norske regelverket. Departementet uttalte at dei vil legge stor vekt på konkurranseskapande omsyn ved utarbeidings

av endelige forskrifter. Vidare tek Kredittilsynet i sitt forslag til orde for harmonisering med EU-regelverket. Med dette vil det truleg vere lettare å etablere seg i framtida, dermed vert konkurransen også betre.

Rapporten om skadeforsikring framhever at god kundemobilitet er viktig for å oppretthalde konkurransepress i ein marknad. Den konstaterer samstundes at skadeforsikringsprodukt ofte vert oppfatta som ei vanskeleg tilgjengeleg gruppe produkt. Dette aukar sjansane for at forbrukarane låser seg til ein leverandør, noko som dempar konkurransen. Konkurransetilsynet har ved fleire høve peika på at auka transparens er viktig for å betre konkurransen i finansmarknadene. Gjennom den planlagde finansportalen vil vilkår og prisinformasjon verte meir tilgjengelege, og dermed aukar kjøpmakta til forbrukarane.

Fra 1. januar 2006 er det innført nye reglar som gjer det enklare å bytte forsikringsselskap også utanom hovudforfall, som er ein gong i året. Det ligg difor betre til rette for at forsikringskundane kan nyte seg av informasjonen i den komande finansportalen. Saman med finansportalen kan dei nye reglane vere med på å intensivera konkurransen i marknaden.



Betre tilbod til dei reisande

Konkurransetilsynet har frå 2002 medvirkta til å skape og oppretthalde konkurransen i norsk innanriks luftfart. Hovudfokus har vore på tiltak mot bonusprogram, storkundeavtalar og underprising til skade for konkurransen.

■ ■ ■ Forbodet mot SAS sitt bonusprogram i 2002 var avgjerande for at det igjen vart konkurranse på ruter i Norge. SAS har gjennomført kostnadssparingar, og prisane har falle i storleiken 15–20 prosent. Dette inneber at norske forbrukarar sparer 1–2 milliardar kroner på årsbasis. Konkurransen har vidare ført til eit betre tilbod til dei reisande, blant anna i form av fleire flyavgongar.

FORSLAG OM FRAMLEIS FORBOD MOT BONUSPROGRAM

Forbodet frå 2002 mot opptening av bonuspeng i norsk innanriks luftfart, går ut i august 2007. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har sendt på høyring eit forslag til forskrift som vidarefører forboden. Høyringstiden er 21. mai 2007.

GREIP INN MOT UNDERPRISING

Konkurransetilsynet har undersøkt 13 flyruter der SAS Braathens sommarsesongen 2004 var involvert i sterk konkurranse. På bakgrunn

av desse undersøkingane, gav Konkurransetilsynet i juni 2005 SAS Braathens eit gebyr på 20 millionar kroner for å ha misbrukt si dominerande stilling på flyruta Oslo–Haugesund. Tilsynet meiner at SAS Braathens har sett prisane for lågt slik at dei har tapt pengar og såleis har pressa konkurrenten ut av marknaden.

SAS hevdar at det ikkje er grunnlag for ei slik bot, og gebyret er lagt fram for domstolane. SAS Braathens fekk medhald av Oslo tingrett, i dom av 26. juli 2006. Konkurransetilsynet har anka dommen – og saka kjem opp til fornys handsaming i lagmannsretten i januar 2008.

I juli 2005 varsla Konkurransetilsynet at det kunne verte aktuelt med gebyr for brot på konkurranselova også på flyruta mellom Oslo og Ålesund. Etter ei grundig vurdering og ein gjennomgang av SAS Braathens sine kommentarar til varselet, har Konkurransetilsynet avslutta saka utan å leggje gebyr.

Viktige saker i 2006



Sa nei til Falck sitt kjøp av Viking

■ ■ Konkurransetilsynet vedtok 22. september 2006 å forby Falck Danmark A/S sitt oppkjøp av Viking Redningstjeneste AS. Etter kjøpet ville Falck/Viking ha fått ein svært stor del av bedriftsmarknaden, medan NAF framleis ville ha vore den største aktøren i abonnementsmarknaden. Konkurransetilsynet konkluderte med at oppkjøpet ville legge tilhøva til rette for ei samordna handling mellom Falck/Viking og NAF. Det ville føre til mindre konkurransen i marknadene for bilbergingstenester. Falck klaga vedtaket inn for Fornyings- og admi-

nistrasjonsdepartementet. Departementet tillet Falck å gjennomføre kjøpet av Viking i påvente av endeleg vedtak i klagesaka. I det endelige vedtaket 17. januar 2007 støtta departementet Konkurransetilsynet si avgjerd om å forby oppkjøpet. Falck fekk difor pålegg om å selje Viking, men får behalde Viking si verksemid i Sverige og Finland, og det norske datterskapet Viking FollowIt AS. Konkurransetilsynet har utnemnd ein forvaltar som skal sjå til at pålegget om sal vert følgt.

Viktige saker i 2006



Støttar konkurranse-utsetting av kollektivtransport i Oslo

■ Konkurransetilsynet har gitt uttrykk for at den planlagde oppdelinga av Oslo Sporveier er eit godt forslag for å sikre framtidig konkurranseutsetting av drifta av kollektivtrafikken. Tilsynet har motteke fleire klager som gjeld organiseringa av marknaden for kollektivtransport i hovudstaden. Konkurransetilsynet påpeika særleg to tilhøve:

- 1) Den nye selskapsstrukturen i Oslo Sporveier legge til rette for at framtidige tilbydarar får lik tilgang til infrastruktur. Same føretak bør ikkje både vere konkurrent og ta avgjerd om tilgangen til marknaden.
- 2) Føretak som kontrollerer nødvendig infrastruktur bør ikkje konkurrere samstundes i kommersielle marknader. Det kan vere samfunnsøkonomisk uehdlig at føretak skjerma for konkurranse har høve til å kryssubsidiere kommersiell verksemد.

Varsla inngrep mot Kystbussen

■ Konkurransetilsynet varsla 30. mars 2006 TIDE ASA og Veolia Transport Sør AS om at Kystbussamarbeidet har konkurranseavgrensande verknader som er i strid med konkuranselova sin § 10, som forbyr konkuranseavgrensande samarbeid. TIDE ASA heitte tidlegare HSD Buss AS og Gaia Reiser AS, mens Veolia Transport Sør AS er det tidlegare Connex Vest AS. Konkurransetilsynet har ikkje konkludert endeleg i saka.

HSD og Gaia fekk fusjonere

■ Konkurransetilsynet kom til at det ikkje var grunnlag for å gripe inn mot fusjonen mellom Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap ASA (HSD) og Gaia Trafikk AS (Gaia). Konkurransetilsynet la til grunn at transaksjonen verken ville leie til eller forsterke ei vesentlig avgrensing av konkurranse.

Konkurransetilsynet påpeika samstundes moglege konkurranseproblem. Gaia hadde før fusjonen råderett over ei rekke infrastrukturanlegg for bussdrift i Bergen. Partane vart gjort merksame på at det å nekte konkurrenten tilgang til infrastruktur, kan vere i strid med forbodet om utilbørleg utnytting av dominerande stilling.



Avslo klage frå Fjord Line

■ 13. mai 2005 vende Fjord Line seg til Konkurransetilsynet. Selskapet meinte at Color Line AS hadde underprisa på fergestrekninga Bergen/Stavanger – Hirtshals i strid med forbodet i konkuranselova.

Konkurransetilsynet vurderte klagen fra Fjord Line og henta inn omfattande informasjon frå Color Line. Selskapet vart mellom anna pålagt


å senda månadlege ruterekneskap til Konkurransetilsynet. Det vart også henta inn omfattande tilleggsinformasjon frå Fjord Line og andre aktørar i marknaden.

I samsvar med gjeldande reglar vurderte Konkurransetilsynet om dei totale inntektene til skipet «Prinsesse Ragnhild» på den aktuelle fergeruta dekkja kostnadene som låg til grunn då avgjera om å oppretta ruta vart teken. Konkurransetilsynet konkluderte med at det sannsynlegvis ikkje låg føre brot på konkurranseglane i perioden fram til sommaren 2006, og at forbrukarane ikkje kunne reknast å ha lidd nokon skade. Klagen frå Fjord Line vart følgjeleg avslått. Fjord Line påkla Konkurransetilsynet si avgjerd til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Departementet har forbels ikkje konkludert i saka.



◀ 2000 Konkurransetilsynet opphevar reguleringa av maksimalpriser for drosjekjøring i område der det er konkurranse mellom drosjesentralar. Drosjeprisane har vore regulerte sidan 1940-åra.

◀ 2000 Konkurransetilsynet forbyr SAS, Braathens og Widerøe å gję passasjerane bonuspoeng for flyreiser innanlands. Norwegian etablerar seg på fire innanriksruter.



ANB 5. OKTOBER 2006

«VURDERER FAST BONUSFORBUD»

DETTE VAR SAKA: Forbudet mot bonusordninger på flyreiser innenlands utløper sommeren 2007. SAS Braathens sier de ønsker å gjeninnføre bonusordningen. Regjeringen frykter for konkurransen og vurderer å innføre forbudet på fast basis. – Jeg er opptatt av at konkurransen i luftfartsmarkedet skal opprettholdes og styrkes, sier fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys.

← 2002 Konkurransestilsynet vedtek eit mellombels forbod mot at Color Group og BNR/Fjord Line samordnar sine verksamder. Dette inneber at Color Group ikkje kan utøve eigarrettar i BNR/Fjord Line. Etter dette sel Color Group alle sine aksjar i BNR.

← 2005 Konkurransestilsynet gjev SAS Braathens eit gebyr på 20 millionar kronar for misbruk av dominante stilling. SAS bringer saka inn for domstolane.

Sunn konkurranse hindrar korruption

– Korruption er ei konkurransepolitisk utfordring. Det meiner Tina Søreide, som er ein av dei fremste korruptionsforskane i landet. Ho etterlyser meir fokus på samanhengar mellom korruption og konkurransehindringar.

■ ■ Kvifor er korruption ei konkurransepolitisk utfordring?

For private verksemder er hensikta med forretningskorruption å oppnå eit konkurranseføretrinn, ikkje berre i form av enkeltkontraktar, men også i form av etablert marknadsmakt. Konkurransepolitikk skal sikre like vilkår for marknadsaktørar. Det at verksemder i det heile teke har konkurranseføretrinn, er ei konkurransepolitisk utfordring. Korruption er eit konkurransepolitisk problem fordi det kan føre til avgjerder som bryt med målsetjinga bak konkurransepolitikken. Når korruption er årsak til ei konkurransehindring, vil det ikkje vere tilstrekkeleg berre å saksøkje marknadsaktørane for brot på konkurranselova, det vil òg vere naudsynt å ta tak i sjølvé korruptionen.

Korleis går den korruptionen som kan påverke konkurransen føre seg?

Korruption skjer der avgjerder vert tekne, og kan føre til ulike former for avgrensing av konkurransen. Det er gråsoner mellom lobbyverksem og korruption. Korruption er eit sterkt omgrep, men det er aktuelt når nokon får ein personleg fordel for å ta ei avgjerd som ikkje er i samsvar med målsetjinga til den institusjonen vedkommande representerer. Det som skil korruption frå lobbyverksem, er at det finst ei hemmeleg og ulovleg avtale som begge partar tener på. For å presisere kva for avgjerder som kan verte påverka, er det nyttig å kategorisere måtar konkurranseavgrensing skjer på. Éin slik kategori handlar om direkte marknadsmakt, som betyr at verksemder til dømes oppnår fusjonar dei ikkje elles ville fått aksept for, prissamarbeid eller marknadsdeling, leverandøravtalar eller absolutte etableringshindringar. Ein annan kategori er transaksjonskostnadar. Då aukar ein konkurransen sine kostnader, eller reduserer sine eigne. Den tredje kategorien handlar om å oppnå politisk innblanding i avgjerder som omhandlar konkurransetilhøve. Politisk innblanding kan òg handle om press frå styresmakter i andre land.

Kva bør rolla til eit konkurransetilsyn vere i høve til korruptionsproblem?

Koncurransetilsynet har ei viktig rolle, sjølv om konkurranselova ikkje omtalar korruption som ei oppgåve for tilsynet. Å styrke konkurransen gjer at det vert vanskelegare å oppnå marknadsmakt gjennom korruption. Korruption kan til dømes komme til uttrykk berre ved at konkurransen er redusert, og det er viktig at Koncurransetilsynet er seg medviten denne samanhengen. Det er også viktig å vere medviten om

at konkurransehindringar kan skuldast korruption på politisk nivå eller i offentlege etatar, sjølv om vi i Norge er vane med ærlege byråkratar og politikarar med sterk integritet.

Har Koncurransetilsynet i Norge den rolla det bør ha i arbeidet mot korruption?

Koncurransetilsynet si rolle i denne samanhengen har ikkje vorte fanga godt nok opp av miljø som jobbar med korruptionsproblem. Tilsynet ser nok sjølv at det kan vere samanhengar mellom korruption og konkurransehindringar. Men trass i mykje merksemad om korruption elles, så har det vore lite fokus retta mot desse samanhengane.

Korleis ser du på Koncurransetilsynet si rolle i debatten om kampen mot korruption?

Eit koncurransetilsyn skal ha ein utdannande funksjon. Sjølv om tilsynet skal ta tak i konkrete saker, treng vi òg kompetansen i ei rekkje andre samanhengar. Eg ser gjerne at representantar frå Koncurransetilsynet kunne delta i meir generelle debattar om utfordringar og samfunnsutvikling. Ofte kan det vere naudsynt å motarbeide populistiske politiske avgjerder ved å formidle kunnskap om velferdseffektar til folk flest. Då er det viktig at tilsynet er synleg i media. I fattige land oppmodar Verdsbanken koncurransetilsyna om å bruke media aktivt og uttale seg om konkurranseavgrensingar. Dette bør vere aktuelt i Norge også.

Du meiner at eit koncurransetilsyn er ein føresetnad for å motarbeide korruption i fattige land. Bør det norske Koncurransetilsynet ha ei rolle i høve til oppbygging av andre koncurransetilsyn?

Norsk bistand bør utnytte den kompetansen som ligg i Koncurransetilsynet når dei utarbeider råd om institusjonsbygging i utviklingsland. Tilsyna si rolle har ofte vore undervurdert i bistandssamanhang, trass i at dei har ein viktig funksjon når det gjeld prisar og utval av produkt, og fordi dei er med på å dempe konsekvensane av korruption og tette nettverk mellom styresmakter og verksemder.



NAMN: Tina Søreide

ALDER: 33

JOBB: Forskar på Chr. Michelsens
Institutt (CMI)

Fleire og billegare bøker med ny bransjeavtale

Etter at den nye bokbransjeavtalet vart sett i verk 1. mai 2005, er det selt vesentleg meir skjønnlitteratur. Prisane har falle og talet på selde titlar har også auka. Det kom fram i ei undersøking Konkurransetilsynet gjorde våren 2006.

■ ■ ■ Avtaleverket i bokbransjen byggjer på ei uro for at frie marknader ikkje sikrar så stor variasjon av kulturgode som ønskjeleg. Bokbransjen fryktar at auka konkurranse vil føre til at boksalet vert konsentrert om nokre få suksesbøker, og at det ikkje lenger vert lønsamt å tilby smalare kvalitetslitteratur med eit mindre publikum. Ved å verne aktørane i bokbransjen mot priskonkurranse, vil populære bøker med høg lønsemid subsidiere mindre lønsame bøker. Dermed vert det mogleg å ha fleire velassorte bokhandlar, og forleggjarar kan ta større risiko og satse på fleire forfattarar.

Andre vil hevde at ein bokmarknad med konkurranse òg kan skape ønska mangfold og kvalitet på litteraturen. Og om ein skulle ønske å stimulere til auka mangfold og betre kvalitet, så er fastprissystemet i bokavtalane eit lite treffsikkert verkemiddel. Samstundes vert bøkene dyrare.

Med den nye bokbransjeavtalet frå 2005 fekk aktørane eit avgrensa høve til å konkurrere på pris. Bokklubbane mista eineretten på å gje rabattar på ny, norsk litteratur. Under den nye bransjeavtalet har alle salskanalar lov til å gje inntil 12,5 prosent rabatt på fastprisen på lærebøker, skjønnlitteratur og sakprosa. Vidare vart fastprisperioden korta ned, slik at forhandlarane no sjølv kan avgjere prisen frå maksimalt 16 månader etter utgjevingstidspunktet, mot tidlegare 24 månader.

POSITIVT FOR MANGFALDET

For å vurdere verknadene av den nye bokbransjeavtalet, gjorde tilsynet i 2006 ei omfattande undersøking av utviklinga frå 2005. Undersøkinga viste mellom anna at det vart selt vesentleg meir skjønnlitteratur i bokhandlane, og at prisane på skjønnlitteratur hadde falle etter at den nye avtalet vart sett i verk. Det ser ut til at bestseljarane hadde tatt ein noko større del av kvantumet, men at dette ikkje hadde gått ut over breidda. Tvert om hadde talet på selde titlar auka.

Tilsynet fann vidare at bokhandlarkjedene hadde tilpassa seg den nye avtalet på ulike måtar. Nokre var passive og avventande i starten, men ser ut til å ha gått over til ein meir aktiv salssstrategi utover hausten 2005.

VIL FØLGJE UTVIKLINGA TETT


Undersøkinga frå 2006 kunne naturleg nok berre fange opp utviklingstrekk på heilt kort sikt. Tilsynet vil difor følgje opp med ei ny undersøking i 2007. Ambisjonen til tilsynet er å prøve å avdekke tilhøve ved marknaden som både bokkjøparar og bransjen sjølv er opptekne av. Tilsynet har difor hatt møte med Forleggjarforeininga, Bokhandlarforeininga og Forfattarforeininga for å førebu den nye undersøkinga.

Den norske bokmarknaden vart i 2005 berekna til 5,3 milliardar kroner målt etter utsalsverdi. 51,5 prosent av denne omsetjinga går gjennom bokhandlane.


Utsalsverdien kan delast inn i:

- Skulemarknaden: 587 mrd. kr.
- Fagbokmarknaden: 728 mrd. kr.
- Allmennmarknaden: 3880 mrd. kr.

PRISUTVIKLING HAUSTSESONG



UTVIKLING TAL TITLAR HAUSTSESONG



← 2004 Konkurransetilsynet fastslår at bokbransjeavtalet frå 1998 verkar svært hemmande på konkurranse. Tilsynet rår til at fastprisordninga vert avvikla.

← 2005 Den nye bokbransjeavtalet opnar for ei avgrensa pris-konkurranse mellom forhandlarane. Bokklubbane er ikkje lenger áleine om å kunne gje rabatt på ny norsk litteratur.



AFTENPOSTEN 21. JUNI 2006

«SAMME EIER I ALLE LEDD GIR GRUNN TIL BEKYMRING»

DETTE VAR SAKA: Første mai i fjor fikk vi en ny bokavtale som førte til at bransjen friere kunne sette pris på bøker. Skeptikerne, blant andre Forfatterforeningen, var engstelige for at den såkalt smale litteraturen skulle bli taperen. I dag legger Konkurransestilsynet frem en rapport som viser at totalsalget av skjønnlitteratur har økt markant og at de smale titlene ikke selger mindre enn før. – Vår undersøkelse tyder på at bokkjøperne så langt har hatt fordeler av liberaliseringen. Samme eier i alle ledd i prosessen gir imidlertid grunn til bekymring, og det er viktig at vi greier å bevare uavhengige bokhandlere, sier Knut Eggum Johansen.



2006 Bokhandlane får ikke lenger ha monopol på sal av skulebøker til grunnskulen og den vidaregående skulen.



2007 Konkurransestilsynet gjennomfører ei ny undersøkning av kva effektar den nye avtalen har hatt på boksalet.

Krysseigarskap og tette band kan innskrenke konkurransen

Den norske kraftmarknaden fungerer godt samanlikna med dei fleste andre europeiske land. Likevel kan sterkt konsentrasijsjon og tette band mellom produsentane vere ei hindring for effektiv konkurranse.

EFTA sitt overvakingsorgan, ESA, har undersøkt konkurranserforholda i elektrisitetsmarknadene i EFTA-landa. EFTA omfattar Norge, Island og Liechtenstein, men rapporten fokuserer mest på kraftmarknaden i Norge. Undersøkinga vart gjennomført parallelt med ein tilsvarende gjennomgang av energisektoren i EU-landa.

Rapporten konkluderer med at konkurransen i engrosmarknaden for elektrisk kraft fungerer relativt bra i Norge. Integrasjonen med marknader i andre land, transparens og likviditet i marknaden er relativt høg. ESA peiker likevel på at den sterke marknadskonsentrasijsjonen, mellom anna den aukande marknadsdelen til Statkraft, kan innskrenke konkurransen.

MÅ INVESTERE I OVERFØRINGSNETTET

Kapasiteten i overføringsnettet vert no nytta meir intensivt enn tidlegare. Oppdeling av marknaden i fleire prisområde har vorte meir aktuelt. Flaskehalsar i overføringsnettet fører difor til at problemet med marknadskonsentrasijsjon kan vorte forverra. Utan tilstrekkelege investeringar i overføringsnettet kan konkurranseproblema vorte større i framtida.

ETTERLYSER STABILE RAMMEVILKÅR

Rapporten legg vidare vekt på at uvisse knytt til statlege rammevilkår for investeringar i produksjons- og overføringskapasitet, heimfallsinstituttet og vilkåra for kraftkrevjande industri, kan få konsekvensar for konkurransen. Stabile rammevilkår er viktig for å sikre investeringar i

ny kapasitet. Investering i ny kapasitet er ei problemstilling som òg dei nordiske konkurransstyresmaktene er opptekne av. Dette vil verte nærmare drøfta i ein nordisk rapport som skal sjå på utviklinga i den nordiske kraftmarknaden dei siste åra.

MÅ SKILJE NETT OG KRAFT KLARARE

Når det gjeld sluttbrukarmarknaden, viser ESA til at sjølv om mange skifter kraftleverandør, er det enno ikkje eit klart nok skilje mellom nettverksem og kraftomsetjing.

STORE KONKURRANSEUTFORDRINGAR

I ein rapport som vart lagt fram samtidig med ESA si sektorundersøking, stadfestar Europa-kommisjonen at det er alvorlege konkurranse-


problem i elektrisitets- og gassmarknadene i Europa. Problema er mellom anna knytt til høg marknadskonsentrasijsjon og mogleg samarbeid om marknadsdeling mellom aktørar.

Kommisjonen nyttar den nordiske kraftmarknaden som eksempel på ein velfungerande og relativt effektiv marknad, samanlikna med marknadene i dei fleste andre europeiske land.

ENKLARE KRAFTHANDEL OVER GRENSA


I 2007 vil kommisjonen følgje opp undersøkinga med å foresla tiltak for å fremje konkurransen, mellom anna ved å gjøre det lettare å handle kraft over landegrensene. Kommisjonen har også som mål å få til ei deling av dei store vertikalt integrerte kraftføretaka på kontinentet.

KRAFTPRISKONTRAKTAR, HUSHALD 1998-2006



← 1990 Stortinget vedte ei ny energilov som opnar for konkurransen i kraftmarknaden.

← 1996 Ein felles norsk-svensk kraftmarknad er starten på det som skal bli ein integrert nordisk marknad. Finland vert med i 1998, og Danmark sluttar seg til i løpet av 1999 og 2000.



AFTENPOSTEN 27. DESEMBER 2006

«VIL HOLDE ØYE MED EIERFORHOLDENE I KRAFTBRANSJEN»

DETTE VAR SAKA: Eierskap på kryss og tvers samler makten på få hender i kraftbransjen. Derfor har Konkurransetilsynet fått laget en rapport som kartlegger makten i detalj. Rapporten beskriver både krysseierskap, ulike former for samarbeid, styrerrepresentasjon og informasjonsutveksling mellom kraftprodusentene. Konkurransetilsynet tar i bruk et nytt dataverktøy for å registrere og holde løpende oversikt over makkonsentrasjonen og konkurransen i kraftmarkedet.

← 1997 Netteigarar kan ikkje lenger krevje gebyr frå kundar som skiftar kraftleverandør. Frå 1997 og fram til i dag har over halvparten av norske hushald skifta kraftleverandør minst éin gong.

← 1998 Konkurransetilsynet introduserar ein kraftprisoversikt på Internett, som skal gi forbrukarane betre oversikt og få fleire til å byte kraftleverandør.

Viktige saker i 2006



Kritisk blikk på tette band i kraftmarknaden

■■ Det er tette band mellom ei rekke av kraftprodusentane i Norge. Det syner ei kartlegging Samfunns- og næringslivsforskning (SNF) har gjort for Konkurransetilsynet. SNF har undersøkt omfanget av krysseigarskap og andre former for samarbeid i norsk kraftsektor.

Stor grad av konsentrasjon, omfattende krysseigarskap og andre former for samarbeid mellom produsentane reduserer konkurransen i kraftmarknaden. Konkurransetilsynet har difor vore skeptisk til oppkjøp som aukar konsentrasjonen i marknaden. Statkraft, den største kraftprodusenten i Norge, er eit døme på ein aktør som gjennom direkte og indirekte eigarskap har band til mange andre norske kraftprodusentar.

Det er også tette band mellom selskap som eig kraftverk saman. Det same gjeld i brukseigarlag der selskap i eit avgrensa geografisk område samarbeider om felles utnytting av vassressursane. Desse formene for samarbeid bidreg til informasjonsutveksling mellom selskapene.

SNF har også utvikla eit dataverktøy som Konkurransetilsynet skal nytte til å gjere detaljerte analyser av konsentrasjonen i norsk kraftnæring. Dataverktøyet vil vere nyttig til å vurdere kraftmarknaden, for eksempel i fusjons-saker. Prosjektet er finansiert av Forsynings- og administrasjonsdepartementet.

Overvakar engros-marknaden

■■ Konkurransetilsynet og NVE driv permanent overvaking av prisutviklinga i engrosmarknaden for å kunne avdekke visse former for bruk av marknadsmakt. Overvaka er basert på ein modell utvikla av ECON. Avvik i prisindikatorar vert følgde opp med nærmere undersøkingar.

Innfører skarpere skilje mellom sal av straum og nettleige

■■ Omsetjing av elektrisk kraft skjer i ein vanleg marknad, medan overføring av kraft er eit monopol. For å sikre effektiv konkurranse i kraftmarknaden, er det mellom anna viktig at kostnader knytt til monopolverksemda og kraftomsetjing ikkje vert blanda saman. Nettverksemda er difor underlagt omfattande reguleringar av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). NVE fastset mellom anna maksimal lovleg inntekt for kvart nettselskap, og set rammer for korleis nettleiga skal utformast.

I 2006 vart det innført reglar om at kraftselskap som driv både nett og kraftomsetjing, og som har over 100 000 nettkundar, må organisere verksemdene i ulike selskap. Nettverksemda kan heller ikkje eige, eller verte eigd, av verksemd innan produksjon eller omsetjing av elektrisk energi. Ein selskapsstruktur der eit felles holdingselskap eig både nettverksemad og produksjon eller omsetjing, er likevel i

samsvar med regelverket. For verksemder som ikkje har eit slikt selskapsmessig skilje, er det krav om at nettselskapa skal opptre nøytralt i høve til kraftomsetjing.

Konkurransetilsynet si oppgåve er å følgje med på om konkurransen i kraftmarknaden fungerer som den skal, og eventuelt gripe inn dersom det trengs. Konkurransetilsynet får mange førespurnader om tilhøvet mellom nettverksemad og kraftomsetjing. Dette er ofte saker som fell inn under NVE sitt regelverk og ansvarsområde.



Kraftprisoversikta

■■ Konkurransetilsynet si kraftprisoversikt er den mest vitja sida på www.konkurransetilsynet.no. Framleis vel hushaldskundar kontraktar med såkalla standard variabel pris, men stadig fleire vel kontraktar som følgjer spot-prisen på Nord Pool. I 2006 auka talet på hushaldskundar med spot-priskontrakt med nær 11 prosent, til totalt 33,6 prosent av hushaldskundane.



Hafslund fekk kjøpe Viken Fjernvarme

■■ Konkurransetilsynet fann ikkje grunnlag for å gripe inn mot Hafslund sitt kjøp av Viken Fjernvarme. Hafslund kjøpte 67 prosent av aksjane og eig etter dette 100 prosent av selskapet.

Eit vanskeleg spørsmål i denne saka var om ervervet var meldepliktig eller ikkje for Oslo kommune, som hadde kontroll i begge selskapene før kjøpet. Konkurransetilsynet kom likevel til at kommunen ikkje hadde koordinert drifta av dei to selskapa på ein slik måte at dei kunne reknast som same økonomiske eining i konkurranselova sin forstand. Aksjekjøpet var såleis ein transaksjon som ført til endring av kontroll, og føretakssamslutninga var meldepliktig.

Fleire aktørar og lågare prisar

Telemarknaden er prega av rask teknologisk utvikling og aukande konkurranse. Forbrukarane kan velje mellom stadig fleire leverandørar, betre tilbod og lågare prisar.

■■■ Veksten i talet på aktørar i den norske telemarknaden heldt fram i 2006, særleg innanfor breibandstelefoni. Det har òg vore ein tydeleg vekst i breibandsmarknaden. Ved utgangen av første halvår 2006 hadde halvparten av norske husstandar breibandstilknytting. Mobiltrafikken aukar òg, mens trafikken minkar innanfor fasttelefoni. Den same utviklinga gjeld òg for omsetjinga i desse marknadene. Telenor har framleis ei sterk stilling, men Telenor sine marknadsdelar i form av totalomsetjing og kundar, er fallande.

STADIG FLEIRE SKIFTAR LEVERANDØR

Statistikken syner vidare at ei rekke kundar skiftar selskap. Ved utgangen av første halvår 2006 hadde gjennomsnittleg 47 000 mobilabonnentar bytt operatør kvar månad. Dette er ein auke på over 10 prosent samanlikna med tilsvarande tal for første halvår 2005.

Auken i talet på breibandstilknytingar hjå sluttbrukarane, og delen av sluttbrukarane

med breibandstilknytting som også har breibandstelefoni, pressar prisane på fasttelefoni nedover.

Konkurransetilsynet samarbeidar med Post- og teletilsynet for å sikre nye aktørar og teknologiar vilkår som gjer det mogleg å konkurrere. Tilsynet hadde fleire kontaktmøte med Post- og teletilsynet i 2006. Konkurransetilsynet er òg involvert som høyningsinstans i samband med Post- og teletilsynet sitt arbeid med marknadstilsyn, særleg når det gjeld arbeidet med å definere relevante produkt- og geografiske marknader.

PÅ RETT VEG – MEN MÅ HA FOKUS

Konkurransetilsynet ser at utviklinga går i rett retning, men meiner framleis at marknadene krev tydeleg merksem. Grunnen til det er at den same aktøren, Telenor, framleis er størst og til dels dominante i dei ulike delmarknadene.

Viktige saker i 2006



FriFamilie-teneste ikkje i strid med konkuranselova

■■■ NetCom fremma ei klage der det vart hevdat Telenor si kopling av fastnettbonnement og mobilbonnement i tenesta «FriFamilie» var i strid med konkuranselova. For å vurdere den utesettende verknaden av denne koplingen, innhenta Konkurransetilsynet informasjon om dei relevante marknadene. Etter ei innleidande vurdering såg tilsynet at å inkludere fasttelefoni i Telenors FriFamilie, ikkje i tilstrekkeleg grad ville påverke kundane sitt val i marknaden for mobiltelefoni. Oppmodinga om å gripe inn mot Telenor vart etter dette avslått.



Viktige saker i 2006



Klage frå NetCom og Catch førte ikkje fram

■ ■ Konkurransetilsynet mottok ei klage frå NetCom og Catch der det vart hevdat Telenor hadde inngått eksklusivavtalar og nytta rabattavtalar i samband med distribusjon av mobilabonnement. Konkurransetilsynet innhenta informasjon og fann at Telenor ikkje hadde inngått eksklusivavtalar. Etter ei samla vurdering av verknaden av dei ulike rabattane til Telenor, fann tilsynet at desse neppe utgjorde ei utilbørleg utnytting av dominerande stilling. Oppmodinga om å gripe inn mot Telenor vart etter dette avslått.

Vurdering av Microsoft-avtalar høgt prioritert

■ ■ I ei klage til Konkurransetilsynet hevdar Linpro AS at Microsoft misbruker si dominerande stilling i programvaremarknaden og tilgrensa marknader gjennom avtalen mellom Microsoft og ei rekke fylkeskommunar. Linpro hevdar at avtaleverket innehold fleire avtalemekanismar som har som føremål, eller effekt, å stengje ute konkurrentane frå dei relevante marknadene. Linpro hevdar mellom anna at Microsoft sine avtalar har ein utesengjande effekt ved å kreje at skulane lisensierer programvaren på alle pc-ane til skulen for å få rabattane i avtalane. Klagaren hevdar òg at Microsoft har gjort visse produktkoplingar i avtaleverka som har ein utesengjande effekt. Saka er framleis til handsaming hjå tilsynet. Klag er høgt prioritert og Konkurransetilsynet brukar store ressursar på handsaminga.

Greip ikkje inn mot totalkunderabatt

■ ■ I november 2004 lanserte Telenor ein såkalla «totalkunderabatt». Rabattordninga innebar fem prosent rabatt på abonnement og trafikkpris for kundar som hadde abonnement på både fasttelefon, mobiltelefon og breiband hjå Telenor. Rabatten kom i tillegg til eventuelle andre rabattar kunden hadde. NetCom klaga inn denne rabatten, og meinte at den var i strid med konkurransepolitikken. For å vurdere dei utesengjande verknadene av totalkunderabatten, innhenta Konkurransetilsynet informasjon om forbruksmønster, prisar og kostnader i dei relevante marknadene. Tilsynet fann på bakgrunn av ei samla vurdering at rabatten neppe hadde faktiske eller potensielle konkurranseavgrensande verknader, og avslo difor oppmodinga om å gripe inn.



Miniabonnement frå Telenor ikkje underprising

■ ■ Telenor lanserte 8. november 2004 ein differensiert abonnementsstruktur for fasttelefoni. Tele 2 klaga inn denne abonnementsstrukturen og peika på at fastavgifta i det såkalla Miniabonnementet var lågare enn Tele 2 sin grossistpris. Tele 2 hevdar av den grunn at det låg føre marginskvis i strid med konkurransepolitikken. Tilsynet henta inn opplysningar frå Telenor om relevante kostnader og inntekter knytt til tilboda om Miniabonnement. Konkurransetilsynet fann ikkje grunnlag for å konkludere med at ordninga innebar marginskvis, og avslo difor oppmodinga om å gripe inn mot Telenor.


Viktig med konkurranse i digitalt bakkenett

■ ■ Norges Televisjon (NTV) fekk i juni 2006 konsesjon for å bygge ut og drive eit digitalt bakkenett for fjernsyn i Norge. Telenor, TV 2 og NRK eig NTV i fellesskap, kvar med ein tredel.

Konkurransetilsynet har i fleire omganger uttalt seg om problemstillingar knytt til det digitale bakkenettet, og er særleg oppteken av to: For det første er det ein fare for at konkurrerande tv-kanalar til NRK og TV 2 får dårligare vilkår i samband med tilgang til det digitale bakkenettet. For det andre er det ein fare for at konsesjonen vil svekkje konkurransehøva til Telenor sine konkurrentar innan distribusjon av satellitt- og kabel-tv.

◀ 1991 NetCom får lisens for eit privat GSM-nett og vert den første private teleoperatøren i Norge.

◀ 1998 Det statlege monopoliet på fasttelefonimarknaden vert oppheva.



DAGENS NÆRINGSLIV 25. MAI 2006

«ADVARER MOT Å GI KONSESJON TIL NTV»

DETTE VAR SAKA: Å gi konsesjonen for å etablere og drive et digitalt bakkenett for fjernsyn til Telenor, TV 2 og NRK, vil være å sette bukken til å passe havresekken, mener Konkurranseetilsynet. Avdelingsdirektør Lasse Ekeberg mener Telenor på denne måten vil få altfor stor markedsmakt når det gjelder tv-distribusjon. Han er også redd for at TV 2 og NRK sammen vil kunne spenne benkrok for konkurrerende tv-kanaler. – Vårt primære ønske er at bakkenettet bør kontrolleres av en aktør som er uavhengig både av tv-kanalene og distributørene, sier Lasse Ekeberg.

← 1999 Talet på mobiltelefonabonnementar overstig talet på fast-telefonabonnementar. Mobiltelefonmarknaden vert opna for fri konkurransse mellom operatørar.

← 2006 Halvparten av norske husstandar har breibands-tilknytting.

Overvakar offentlege innkjøp

Offentlege innkjøp utgjer mellom to og tre hundre milliardar kroner i året. Reglene for offentlege innkjøp skal sikre reell konkurranse om leveranser til stat og kommune, slik at desse pengane vert nytta mest mogleg effektivt.

■ ■ ■ Klagenemnda for offentlege anskaffingar, KOFA, vart etablert i 2003 fordi Stortinget og regjeringa ville styrke overvakainga av offentlege innkjøp. Det rådgjevande organet fattar ikkje bindande avgjerder, men dei involverte partane ventast å leggje avgjerda til grunn og deretter verte samde om konsekvensane.

Målet med KOFA er å effektivisere regelverket for offentlege innkjøp og å gjøre det enklare for leverandørane å klage. Klagenemnda skal dessutan medverke til auka kompetanse og rettsavklaringar på området for offentlege innkjøp.

Ei klage til klagenemnda har ingen formell verknad. Derimot kan klagenemnda uttale seg om vilkåra for erstatning ligg føre. Klagenemnda er varsame på dette området og har til no berre unntakvis nytta seg av dette.

KAN GJE GEBYR VED ULOVLEGE INNKJØP

I 2006 vart klagenemndforskrifta endra då det reviderte EU-direktivet om offentlege innkjøp vart implementert i det norske regelverket. Det nye regelverket gjeld frå 2007. Endringane inneber mellom anna at klagenemnda har fått løyve til å gje gebyr på inntil 15 prosent av kontraktverdien i klagesaker som gjeld ulovlege direkte innkjøp.

FÆRRE, MEN MEIR OMFATTANDE SAKER I 2006

I det fjerde driftsåret 2006 mottok klagenemnda 158 saker. Dette er langt mindre enn i 2003–2005 då det kom inn 260–280 saker kvart år. No har talet på innkomande saker stabilisert seg på mellom 10 og 15 saker i månaden. Sjølv om det er færre enn tidlegare, er sakene som no kjem inn er meir omfattande og dermed meir arbeidskrevjande. Det er færre enkle avvisingssaker, og fleire saker vert handsama av nemnda.

FLEST KLAGAR MOT KOMMUNAR OG HELSEFØRETAK

176 saker vart ferdighandsama i 2006. Det er 84 færre enn i 2005. 119 av desse sakene vart mottekne i 2005, 57 i 2006. 83 klager gjaldt kjøp som var gjort av kommunar eller fylkeskommunar, og 33 klager gjaldt helseføretaka. Det store talet på saker mot kommunar og helseføretak speglar truleg at dei står for ein svært stor del av det offentlege sine samla innkjøp. Resten av sakene gjaldt i hovudsak statlege etatar som Statens vegvesen, Forsvaret og Aetat. Nokre saker gjaldt interkom-

munale selskap og aksjeselskap underlagt offentleg kontroll eller som driv verksemد innan forsyningssektoren.

FÆRRE SAKER AVVISTE

Av 108 saker som vart handsama i 2006, konkluderte KOFA i 79 saker med at regelverket for offentlege innkjøp var brote. I 29 saker konkluderte nemnda med at regelverket ikkje var brote. At det vert funne brot i dei fleste handsama sakene, må sjåast i lys av at sekretariatet avviser mange saker der klaga ikkje kan føre fram.

I alt avviste sekretariatet 50 klager i 2006. Dette utgjer 28 prosent av sakene som vart avgjorde dette året. Til samanlikning vart over halvparten av sakene, heile 134, avviste i 2005.

SAMANSLÄING OG FLYTTING HAR FUNGERT GODT

2006 var det første året KOFA-sekretariatet hadde tilhaldsstad i Bergen. Sekretariatet er nå ein del av Konkurransetilsynet og underlagt budsjettet og administrasjonen til tilsynet. På sikt vil Konkurransetilsynet dra nytte KOFA sin kompetanse på offentlege innkjøp i saker med konkurranserettslege problemstillingar.

Dei praktiske problema ved at fleirtalet av nemndmedlemene har tilhald i austlandsområdet, er løyst. I starten av 2006 vart møta haldne ved at sekretariatet reiste til Oslo. Frå hausten 2006 vart møta gjennomført via videokonferansar. Dette har gitt vesentlege tids- og kostnadsmessige innsparinger. Kontakten mellom sekretariatet og nemnda er framleis svært god. Drifta av sekretariatet frå Bergen har fungert særskilt godt.

HØGARE EFFEKTIVITET

KOFA vart evaluert i 2006. Om departementet vil gjennomføre endringar som følgje av evalueringa, står att å sjå. Den negative trenden med aukande restansar vart snudd hausten 2006. No vert det handsoma meir enn dobbelt så mange saker i månaden som tidlegare, og talet på innkomande klagesaker har stabilisert seg på et lågare nivå. Sakshandsamingstida vil truleg komme ned på ønskt nivå tidleg hausten 2007.

RAPPORT

KAMPEN MOT ULOVLEG SAMARBEID OM PRISAR,
MARKNADSDELING OG ANBOD HAR HØGSTE PRIORITET |
KONKURRANSETILSYNET.



ABB og Siemens vedtok i 1999 førelegg på til saman 20 millionar kroner for ulovleg samarbeid i eit anbud om levering av utstyr til ulike kraftselskap.

ØKONOMISK ANALYSE KAN AVSLØRE ULOVLEG SAMARBEID

Ulovleg samarbeid kan koste samfunnet milliardar kvart år. Difor er kampen mot kartellverksemnd prioritet nummer éin for Konkuransetilsynet. Og økonomisk analyse er eit svært viktig verktøy for å avsløre juks.

■ ■ Internasjonale studie syner at kartellverksemnd, det vil seie ulovleg prissamarbeid, anbodssamarbeid eller marknadsdeling, kan føre til prisaukingar på mellom 20 og 30 prosent. For det offentlege åleine, som kjøper inn for mellom 200 og 300 milliardar kroner årleg, kan kartellåtferd koste milliardar kvart år.

Verksemndene har sjølv sagt ei felles interesse av å ikkje konkurrere. Utan noka form for tiltak er det difor fare for at kartella vil florere. Eit forbod mot kartellverksemnd er ikkje nok i seg sjølv, men må kombinerast med tre ulike tiltak.

JUKS MÅ STRAFFE SEG – OG DET MÅ LØNE SEG Å SEIE FRÅ

For det første må det straffe seg å delta i kartellverksemnd. I Noreg har bøtene historisk sett vore låge, men harmoniseringa med lovgjevinga til EU inneber ei fleirdobling av bøtene til verksemndene. Det er vidare viktig med personlege straff for å nå ansvarlege enkeltpersonar. I Noreg har heile 61 personar blitt bøtelagde for å ha delteke i kartellverksemnd dei siste tjue åra. Det er med på å kriminalisere slik åtferd. Norsk lov opnar for å fengsle personar for kartellverksemnd, men det har så langt ikkje skjedd. Derimot har det komme signal om at denne moglegheita framover vil kunne verte brukt i alvorlege saker, slik det er vanleg i saker om momsunndraging.

For det andre må det være ein reell fare for kartellverksemder at dei kan verte avslørte. Frå midten av 80-talet og fram til i dag har forbodet blitt effektivt handheva, og 31 kartell har vorte avslørt. Det vitnar om ein aktiv og vellukka kamp for å avsløre kartell. Dette arbeidet vert vidareført og er no supplert med økonomiske metodar for å avdekke kartellverksemder. Ved å utføre ein økonomisk analyse av ei næring, kan ein få indikasjonar om (i) det ligg til rette for kartell i den aktuelle næringa og (ii) om det faktisk har førekommne noko ulovleg. Fleire land har sett i gang slikt arbeid som eit supplement til ordinær etterforsking.

For det tredje må det leggast til rette for at dei som kjerner til kartellverksemnd har interesse av å informere konkuransesyresmaktene om dette. Av naturlege grunnar skjuler kartell seg for omverda, og oftast er det berre dei som deltek i kartell som kan avsløre dei. Kon-

kuransesyresmaktene i ei rekke land har nå utforma ordningar som oppmuntrar deltakarar i kartell til å melde seg og leggje alle korta på bordet. I USA har ei lempingsordning, eit såkalla «leniency program», hatt stor suksess. I Noreg vart ei lempingsordning innført i samband med den nye konkuranselova i mai 2004. Første selskap som legg alle kort på bordet, kan sleppe all bot. Dei som kjem seinare, vil kunne få nedsett bot.

ØKONOMISK ANALYSE KUNNE AVSLØRT JUKS

ABB og Siemens vedtok i 1999 førelegg på til saman 20 millionar kroner for ulovleg samarbeid i eit anbod om levering av utstyr til ulike kraftselskap i perioden 1990 – 1997. I et internt notat hos eitt av selskapa vart det funne ei liste som viste årlege marknadsdelar for kvart av dei to selskapa år til år, heilt frå 1961 til 1996. Tala syntet at marknadsdelane svinga svært mykje frå år til år. Men når ein såg utviklinga over tid, det såkalla laupande gjennomsnittet, kom det fram at marknadsdelane var forbausande stabile. Personen som nedteikna lista var tydelig nøgd, og skreiv følgjande ein stad i margen: «samme markedsandeler ti år senere!». Det var god grunn til å være nøgd sett frå selskapa si side. Det var imponerande at dei klarte å halde stabile marknadsdelar over tid, trass i store variasjonar frå år til år. Ein økonomisk analyse kunne i dette tilfellet fått varsellampene til å blinke. Det er grunn til mistanke når to selskap er i stand til å halde så stabile marknadsdelar over lang tid – i dette tilfellet heile 35 år.



NAMN: LARS SØRGARD
STILLING: Sjeføkonom i Konkuransetilsynet



I den såkalla SAS-saka i 2006 vart eit vedtak om lovbrotsgebyr prøvd for domstolane for første gong.

DOMSTOLSPRØVING AV KONKURRANSETILSYNET SINE VEDTAK

I den såkalla SAS-saka i 2006 vart eit vedtak om gebyr for brot på konkuranselova prøvd for domstolane for første gong. Det er ikkje berre første gong det har kome ein dom om eit vedtak der § 11 i konkuranselova vart brukt i ei konkret sak. Det er òg første gong det har kome ein dom i Norge om eit inngrepsvedtak fatta av Konkurransetilsynet er gyldig.

Under den tidlegare konkuranselova av 1993, vart det fatta fleire hundre vedtak om dispensasjoner, inngrep i fusjonssaker og i saker om konkuranseavgrensande åtferd, utan at desse nokon gong vart prøvd for domstolane. Det var rett nok klagetilgang til overordna departement for slike avgjerder, men desse sakene kunne i tillegg prøvast for domstolane, på lik linje med andre forvaltningsvedtak i Norge. Det skjedde likevel aldri.

Konkuranselova av 2004 legg opp til domstolsprøving av Konkurransetilsynet sine vedtak på ein annan måte enn før. Ved brot på forboda mot konkuranseavgrensande samarbeid i § 10 og mot utilbørleg utnytting av dominerande stilling i § 11, kan Konkurransetilsynet treffe vedtak om å gjie gebyr for brot på konkuranselova. Eit slikt vedtak kan ikkje påklaast til Konkurransetilsynet sitt overordna departement (Fornyings- og administrasjonsdepartementet). Slike vedtak kan berre overprøvast av domstolane. Det er fastsett i konkuranselova § 29 fjerde ledd at retten kan prøve alle sider av saka. Retten sin kompetanse er tilsvarende som ved forvaltningsmessig klagehandsaming, slik at retten også kan treffen ei realitetsavgjerd i saka. I saker om inngrep mot føretakssamanslutningar, og ved pålegg om opphør av åtferd i strid med forboda i konkuranselova §§ 10 og 11, er det derimot høye til å klage til departementet.

NÆRMARE OM OSLO TINGRETT SIN DOM I SAS-SAKA

SAS-saka gjaldt eit vedtak fatta av Konkurransetilsynet om lovbrotsgebyr for såkalla rovprising på flyruta Oslo–Haugesund. I dommen fra Oslo tingrett vart Konkurransetilsynet sitt vedtak oppheva. Retten kom til at SAS oppfylte vilkåret i § 11 om dominerande stilling, men at SAS ikkje hadde utnytta denne stillinga utilbørleg ved ulovleg rovprising på den nemnde ruta. Retten kom til at det fanst andre objektive akseptable forklaringar på SAS sin handlemåte enn det som kan karakteriserast som kritikkverdig og lovbrystande. Retten understreka at den ikkje tok stilling til val av test, noko som stod sentralt i vedtaket og under hovudforhandlinga. Dette står òg sentralt i praksis frå EF-domstolen om den tilsvarende regelen i EF-traktaten sin artikkel 82.

Oslo tingrett tok i denne saka også stilling til andre spørsmål av meir generell karakter. Retten konstaterte mellom anna at i saker om gebyr for brot på konkuranselova gjeld det alminnelege kravet om «sann-

synlighetsovervekt» og at åtferd frå tida før konkuranselova starta å gjelde 1. mai 2004 kan trekjast inn i vurderinga av om det føreligg eit lovbroter etter at lova starta å gjelde. Retten sa også at ein ikkje bør vere etterhalden ved overprøving av Konkurransetilsynet sine meir spesifikke faglege vurderingar i slike saker.

DOMSTOLSPRØVINGA SI TYDING FOR TOLKING AV KONKURRANSELOVA

Oslo tingrett sin dom i SAS-saka er påanka til Borgarting lagmannsrett. Det er difor for tidleg å seie noko om kva slags tyding domstolsprøvinga i denne saka vil ha for tolkinga av konkuranselova § 11, og då særleg i saker om rovprising. Det er likevel på det reine at rettskraftig dom i denne saka, og domstolsprøving av andre vedtak om gebyr for brot på konkuranselova §§ 10 og 11, inneber at norsk rettspraksis i framtida vil spele ei heilt anna rolle for forståinga av dei materielle konkuransereglane enn det som var tilfelle i forhold til dei materielle reglane i konkuranselova av 1993. Rettspraksis frå EF-domstolen er alt gjort til ei viktig rettskjelde ved tolkinga av forboda i §§ 10 og 11. Med desse reglane vart åtferdsreglane i konkuranselova av 2004 harmonisert med forboda i EF-traktaten artikkel 81 og 82. I forarbeidet til lova er det også presistert at det skal leggjast særleg vekt på praksis frå EF-domstolen når rekkevidda av forbodsavgjerdene i den nye konkuranselova vert fastlagt.



NAVN: JONN OLA
SØRENSEN

STILLING: Juridisk direktør
i Konkurransetilsynet



Konkurransetilsynet styrker arbeidet for å avdekkje ulovleg samarbeid.

TIL KAMP MOT KARTELLVERKSEMDA

Dei samfunnsmessige kostnadene ved ulovleg kartellverksemd – samarbeid mellom bedrifter om prisar, marknadsdeling og anbod – kan vere svært store. Den viktigaste oppgåva til Konkurransetilsynet er difor å avdekkje og å fylgje opp slikt samarbeid.

■■ I 2006 melde Konkurransetilsynet to saker til Økokrim og gjorde bevissikringar i ytterlegare to saker. I éi sak fekk ESA hjelp frå tilsynet under bevissikringa.

I tre tidlegare melde saker gav Økokrim førelegg på til saman 40 millionar kroner til dei involverte partane. Dette er samla dei høgaste førelegg som er gjeve nokon sinne i konkurransesaker i løpet av eit år.

MELDE ULOVLEG SAMARBEID TIL ØKOKRIM

I oktober 2006 melde Konkurransetilsynet eit selskap til Økokrim. Selskapet leverer mellom anna tenester innan isolering, innreiing og handsaming av overflater på boreriggar og skip. Etter tilsynet si meinung har selskapet prøvd å etablere eit ulovleg samarbeid med ein konkurrent i ein anbodskonkurranse.

I juni 2006 melde Konkurransetilsynet to maskinentreprenørar i Oslo-området til Oslo politidistrikt. Tilsynet meiner bedriftene samarbeidde om eit utbyggingsprosjekt. Saka vart overført til Økokrim i desember.

SIKRA PROV I FLEIRE SAKER

Konkurransetilsynet har det siste året sikra seg prov hjå to entreprenørar i Nordland og to leverandørar av kjemikaliar på austlandet. Ein forventar at sakene vil vere ferdig handsama i tilsynet i løpet av første halvår 2007.

FØRELEGG I TIDLEGARE POLITIMELDE SAKER

Økokrim skreiv i juni 2006 førelegg på til saman 36 millionar kroner og inndragning av 5,6 millionar kroner mot leiande entreprenørar i asfaltbransjen og byggebransjen. Sakene, som etter ei omfattande etterforsking vart melde av Konkurransetilsynet til Økokrim i juli 2002 og februar 2003, gjeld grove brot på konkuranselova for mellom anna ulovleg marknadsdeling og pris- og anbodssamarbeid.

Økokrim la mellom anna vekt på at handlingane var skjulte og vanskelege å oppdage både for kundane og ved kontrolltiltak. Vidare vart det understreka at handlingane var gjort for å fremje føretaka sine interesser, og at ulovleg marknadsdeling og prissamarbeid kan gje føretaka store økonomiske fordeler.

Ved årsskiftet var over halvparten av førelegga vedtekne. To selskap har fått forlenga frist til å ta stilling til førelegga.

I ei anna sak vedtok to selskap, og tre sentrale personar i desse selskapa, førelegg på 250 000 kroner til kvart av selskapene og 20 000 og 30 000 kroner til kvar av personane.

Samarbeidet vart oppdaga i samband med at Statkraft i 2003 inviterte fire leverandørar til å gje tilbod på vedlikehald av eit kraftanlegg. Statkraft mottok tilbod frå tre selskap. Då dei opna tilboda, oppdaga Statkraft at eit av selskapene ved ei misforståing også hadde lagt ved delar av tilboden frå konkurrenten. Konkurransetilsynet vart varsle, og etterforskinga avdekkja fleire liknande tilfelle av samarbeid.

STYRKJER ARBEIDET MOT KARTELL

Næringsdrivande og deira juridiske rådgjevarar kjenner etter kvart godt til forboda i konkuranselova og kontrollverksemda til Konkurransetilsynet. Det er viktig at desse veit at tilsynet fylgjer opp indikasjonar på alvorlege brot på forboda. Det er også viktig at dei same aktørane veit at Konkurransetilsynet no styrker arbeidet mot kartellverksemd.

I kampen mot dei skadelege kartella må også store innkjøparar, både private og offentlege, vere vakne og melde frå om indikasjonar på konkuranseskadeleg åtferd. I så måte var den raske reaksjonen og nulltoleransen til Statkraft i saka som er nemnt ovafor, eksemplarisk.



NAVN: JAKOB AARS

STILLING: Fungerande etterforskningsleiar i Konkurransetilsynet



Det er viktigare enn før å kjenne til korleis konkurransereglane vert handheva i Europakommisjonen, EF-domstolane og medlemslanda i EU.

INTERNASJONALT SAMARBEID

Konkurransetilsynet si rolle i det internasjonale samarbeidet vert stadig viktigare. Som representant for eit lite land utanfor EU, er det viktig at tilsynet etablerar og held ved like internasjonale kontaktar. Dette gjer tilsynet i aukande grad ved å samarbeide med andre konkurransestyresmakter i Norden, men også i og utanfor Europa.

■ Konkurransetilsynet legg stor vekt på eit godt samarbeid med EFTA sitt overvakingsorgan ESA og Europakommisjonen. Dette samarbeidet er viktig mellom anna for å styrke og effektivisere handhevinga av konkurransereglane i EØS. Norske konkurranseregler er stort sett like EF-retten sine konkurranseregler. Det er difor viktigare enn før å kjenne til korleis reglane vert handheva i Europakommisjonen, EF-domstolane og medlemslanda i EU. Konkurransetilsynet nyttar store ressursar på å halde seg oppdatert og bidra til diskusjonen i slike saker. Opplæring av medarbeidarar har difor vore prioritert. Medarbeidarar har delteke på kurs og seminar. Dei har òg hospitert i ESA, kommisjonen og konkurransestyresmaktene i andre land, mellom anna i Office for Fair Trading (OFT). Konkurransetilsynet har i 2006 hatt ein hospitant frå dei nederlandske konkurransestyresmaktene.

I september kom Europakommisjonen med utkast til ei ny kunngjering om jurisdiksjon i fusjonssaker. Ønsket om å gjøre kunngjeringa meir brukarvenleg, ved å ha rettleiing om jurisdiksjon i sjølvé kunngjeringa, var ein av grunnane til utkastet. Det er teke omsyn til endringar i den nye forordninga om fusjonskontroll. Nyleg og relevant rettspraksis vert òg inkorporert. Norge var med i diskusjonen mellom EU-statane og EØS/EFTA-statane om utforminga på ekspertmøter. Kommisjonen kom òg med framlegg til nytt gruppeunntak for tariffkonsultasjonar innan luftfart, som Norge tidlegare har gitt kommentarar til. Det norske forslaget ført til ein viss diskusjon som enda med at EØS/EFTA-landa samla gav ein skriftleg uttale til kommisjonen. I kommisjonen sitt reviderte framlegg var det i nokon mon teke omsyn til uttalen. Kommisjonen vedtok i desember ei ny kunngjering om bøteutmåling i kartellsaker. Norge tok aktivt del i diskusjonen i fleire møte i European Competition Network (ECN).

REGELENDRINGER OG FRAMLEGG I 2006

- Europakommisjonen vedtok eit nytt gruppeunntak for tariffkonsultasjonar innan luftfart.
- Kommisjonen vedtok nye retningslinjer for bøteutmåling i saker om konkurransebegrensende avtaler mellom foretak og utilbørlig utnytting av dominerande stilling, såkalla artikkel 81- og 82-saker.
- Kommisjonen offentleggjorde eit utkast til ny kunngjering om jurisdiksjon i fusjonssaker.
- ESA vedtok ei ny kunngjering om tilgang til saksdokument i antitrust-

og fusjonssaker, tilsvarende kunngjeringa vedteken av kommisjonen i desember 2005.

- ESA vedtok nye retningslinjer om bøteutmåling i saker der det er brot på artikkel 53 og 54 i EØS-avtalen, som omhandlar konkurransebegrensande avtaler mellom foretak og utilbørlig utnytting av dominerande stilling.
- Både kommisjonen og ESA er i gang med sektoranalysar for å kartlegge konkurransetilhøva for bankverksemder retta mot forbrukarane og dei små og mellomstore verksemndene, og trygging av verksemder.

FORTSATT NÄRT SAMARBEID MED NORDISKE LAND OG OECD

Samarbeidet mellom dei nordiske konkurransestyresmaktene vart videreført i 2006. Felles utgreiingar av ulike konkurransopolitiske problemstillingar og handheving av konkrete saker vart diskutert. Ei arbeidsgruppe vart etablert for å utarbeide ein rapport om konkurransesituasjonen i kraftmarknaden. Ei anna gruppe leverte ein rapport om konkurransen i personkundemarknaden til bankane. Norge var vert for møtet mellom dei nordiske konkurransestyresmaktene som vart halde i Os i Hordaland. Emne som vart diskuterte var konkurranse i byggebransjen, utveksling av informasjon mellom bransjeorganisasjonar og bøteutmåling. I OECD har Konkurransetilsynet medverka med skriftelege og munnlege innlegg i temamøte om kartell. Deltakarar frå påtalemakta var inviterte og har teke del i nokre møte. Norge har levert skriftelege innlegg om rettsmiddel og sanksjonar ved misbruk av dominerande stilling, miljøreguleringar og konkurranseproblem i tilknyting til gjenvinning i Norge, og om personkundemarknaden til bankane.



NAMN: ANNE-TURID STEINSVIK

STILLING: Fungerande internasjonal koordinator i Konkurransetilsynet

Om Konkurransetilsynet



ORGANISASJON OG PERSONALE

■ ■ ■ STRATEGI OG VERKSEMDSUTVIKLING

Med utgangspunkt i Konkurransetilsynet sin visjon «Sunn konkurranser for auka velferd», er arbeidet med å utvikle ei strategifokusert verksemd vidareført i 2006. Prosessen byggjer på rammeverket frå European Foundation of Quality Management (EFQM), og prinsippa i Balansert Målstyring.

Konkurransetilsynet har i 2006 gjennomført ei omfattande evaluering av eiga verksemd, og både sterke sider og moglege forbettingsområde er identifiserte. Dette er lagt til grunn i planlegginga av vidare forbettingsaktivitetar.

Eigenevalueringa peika ut fleire viktige områder kor tiltak er sette i verk:

- Utvikling av tydelege resultatmål.
- Det er utarbeidd «verdiar for leiing i Konkurransetilsynet». Dette skal vidareførast med leiarutviklingsaktivitetar i 2007.
- Dei sentrale sakshandsamingsprosessane i Konkurransetilsynet er grundig dokumenterte. Resultatet av dette arbeidet skal brukast til vidare utvikling og forbetring av prosessane, og til å utvikle system for elektronisk arbeidsflyt i den elektroniske verksemdsportalen. Kartlegginga har vore eit viktig element i arbeidet med overføringa av kompetanse i omstillingsprosjektet.

- Det er laga ein plan for interninformasjon, og det er prioritert eigne ressursar til dette arbeidet.
- Det er gjennomført eit motivasjonsprogram i leiing for kvinner i Konkurransetilsynet.
- Det er gjennomført eit internt opplæringsprogram i prosjektleiing og prosjektarbeid. Dette vart sett i verk for å handsame behovet for ein meir fleksibel og ressurseffektiv organisasjon.

Konkurransetilsynet har gjennomført jämlege omdømmemålingar sidan 2002. Siste måling vart gjennomført i mars 2007. Det er også gjennomført ei medarbeidarundersøking som syner at dei tilsette er svært nøgde med å arbeide i Konkurransetilsynet. Desse målingane skal gjentakast regelmessig, og resultata skal leggjast til grunn for utvikling av resultatmål for verksemda.

Arbeidet med å utvikle ein ny verksemdsportal vart sett i gong hausten 2005. I 2006 leverte prosjektet eit nytt intranett med hovudvekt på kunn-skapsdeling, og nye internetsider vart lanserte i starten av 2007. Arbeidet med å utvikle eit system for elektronisk arbeidsflyt held fram i 2007.

Konkurransetilsynet deltek i Altinn-samarbeidet, og har lagt til rette for at meldingar om fusjonar og oppkjøp kan leverast elektronisk. Mens det totale talet fusjonsmeldingar steig kraftig frå 2005 til 2006, har talet på meldingar som blei levert via Altinn-portalen vore relativt stabilt.

STILLINGSFORDELING OG KJØNN PER 31.12.06

| Stilling | Totalt | Kvinner | Menn |
|-------------------|------------|------------------|------------------|
| Leiarar | 19 | 8 (42 %) | 11 (58 %) |
| Seniorrådgjevarar | 17 | 7 (41 %) | 10 (59 %) |
| Rådgjevarar | 40 | 19 (47,5 %) | 21 (52,5 %) |
| Førstekonsulentar | 16 | 11 (69 %) | 5 (31 %) |
| Konsulentar | 8 | 8 (100 %) | 0 (0 %) |
| Totalt | 100 | 53 (53 %) | 47 (47 %) |



MEDARBEIDARAR

Konkurransetilsynet har 100 tilsette ved årsskiftet 2006–2007. Av desse er 53 prosent kvinner og 47 prosent menn. 87 prosent av medarbeidarane har høgare utdanning. Andelen kvinner i leiande stillingar er 40 prosent.

Konkurransetilsynet har gjennom omstillingsprosjektet rekruttert inn om lag 100 nye medarbeidarar sidan 2004, og dette pregar organisasjonen på den måten at ein stor del av medarbeidarane har relativt kort fartstid i tilsynet.

For å styrke kompetansen i tilsynet er det gjennomført eit omfattande internt kompetanseutviklingsprogram, basert på ein kombinasjon av interne og eksterne opplæringsaktivitetar.

Konkurransetilsynet brukte 3,3 millionar kroner i 2006 på ulike kurs- og oppleringstiltak. Dette utgjer om lag 30.000 kroner per medarbeidar, og om lag 8 prosent av tilsynet sine lønnsutbetalinger i 2006.

REKRUTTERING

37 personar sa opp stillinga si i Konkurransetilsynet i 2006. Av desse oppgav 33 at flyttinga til Bergen var hovudårsaka til at dei slutta.

Konkurransetilsynet hadde 24 stillingsutlysingar i 2006. 1139 personar sökte på desse stillingane. 30 personar vart tilsette i 2006.

Konkurransetilsynet deltok i 2006 på bedriftspresentasjoner i Bergen. Grupper av studentar frå universitet og høgskular har også ved fleire høve vitja tilsynet. Tilsynet er svært positiv til denne måten å komme i kontakt med studentar og andre som er interesserte i å jobbe for Konkurransetilsynet. I samband med slike arrangement får tilsynet også positive tilbakemeldingar som tyder på at tilsynet er ein attraktiv arbeidsgjevar. Talet på søkjavar på kunngjorte stillingar viser dette.

SJUKEFRÅVÆR

Konkurransetilsynet har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv og jobbar aktivt med å redusere sjukefråværet. Fråværet var 4,6 prosent i 2006, fordelt med 5,8 prosent for kvinner og 3,6 prosent for menn. Sjukefråværet er under tilsynet sitt måltal på 5 prosent.

UTDANNING OG KJØNN PER 31.12.06

| Utdanning | Totalt | Kvinner | Menn |
|-----------------------------------|------------|-----------|-----------|
| Samfunnsøkonomar og siviløkonomar | 38 | 14 (37 %) | 24 (63 %) |
| Juristar | 33 | 20 (61 %) | 13 (39 %) |
| Annan høgare utdanning | 16 | 11 (69 %) | 5 (31 %) |
| Lågare utdanning | 13 | 8 (62 %) | 5 (38 %) |
| Totalt | 100 | 53 | 47 |



Flyttinga til Bergen har skjedd gradvis, med systematisk oppbygging og overføring av oppgåver til Bergen parallelt med ei gradvis nedbygging i Oslo.

FLYTTINGA TIL BERGEN ER SLUTTFØRT

Konkurransetilsynet sluttførte flyttinga til Bergen ved utgangen av 2006, i tråd med planen. Midt i den krevjande flytteprosesen har tilsynet handert ei rekke større tilsynssaker med stor politisk og samfunnsmessig merksemd.

■ Vedtaket om flytting av Konkurransetilsynet til Bergen vart fatta av Stortinget 6. juni 2003, som ein del av handsaminga av Stortingsmelding nr. 17 (2002-2003) «Om statlige tilsyn». Premissa for flyttinga fra det dåverande Arbeids- og administrasjonsdepartementet var:

«Konkurransetilsynet flyttes fra Oslo til Bergen. Tid for gjennomføringen er 3 år, og flyttingen skal være avsluttet innen 1.1 2007. Flyttingen skal skje på en slik måte at:

- Konkurransetilsynet fungerer godt i omstillingiperioden.
- Omstillingsprosessen for de ansatte ikke fører til utstøting og at flest mulig flytter med.
- Nytt, effektivt miljø bygges opp systematisk.»

Økonomisk ramme for omstillingsprosessen var 62,5 millionar kroner over tre år. Dette kom i tillegg til løyving til ordinær drift av tilsynet.

Våren 2005 fekk Konkurransetilsynet ansvaret for KOFA-sekretariatet, med krav om flytting til Bergen innan utgangen av 2006. Også denne flyttinga vart gjennomført etter planen.

NOKRE RESULTAT FRÅ FLYTTEPROSESSEN

- Konkurransetilsynet har halde oppe kompetansen og sakshandsamingskapasiteten gjennom omstillingiperioden, og tilsynet har til dels handsama fleire saker enn før flyttevedtaket. Ved utgangen av 2006 hadde tilsynet 100 tilsette – dei aller fleste er nytilsette i perioden 2003 – 2006.
- Arbeidsmiljøet i Konkurransetilsynet har vore godt i omstillingiperioden. Medarbeidarundersøkingar stadfestar dette.
- Tilsynet har vore etablert i nye, permanente lokale i Telegrafbygningen i Bergen sidan juni 2004. Flyttinga har deretter skjedd gradvis, med systematisk oppbygging og overføring av oppgåver til Bergen parallelt med ei gradvis nedbygging i Oslo.
- 29 tilsette har skrive under avtale om flytting frå Oslo til Bergen. Av desse har 16 tilsette flytta ved utgangen av 2006, og 13 tilsette har avtale om pendling i ein overgangsperiode.
- Alle tilsette har hatt tilbod om karriereplanlegging. Ordninga har vore valfri, men fleiralt av dei tilsette har delekte.

- Til saman 98 medarbeidarar har slutta i tilsynet sidan 2003. Ved utgangen av 2006 var ingen av desse arbeidslause eller på venteløn.
- Flyttinga er gjennomført innafor dei tildelte økonomiske rammene.


GOD PLANLEGGING OG NÄRT SAMARBEID

Leiinga og dei tilsette har samarbeida nært om å planleggje flyttinga. Tre interne arbeidsgrupper har sidan hausten 2003 utarbeidd detaljerte planar og premiss for tre flytefasar.

Eit viktig verkemiddel i den innleieande fasen var avgjerda om «jobbgarantien» som konkuransedirektøren tok våren 2003. Den innebar at alle tilsette i Konkurransetilsynet vart garantert jobb i Oslo i tre år, og medverka i høg grad til å skape ro og tryggleik i organisasjonen i den første tida etter at flyttevedtaket var gjort.

EFQM Excellence-modellen i kombinasjon med Balansert Målstyring har vore nyttå som metodikk for å sikre samanheng mellom strategiske mål, verkemiddelbruk og resultatoppnåing i gjennomføringa av flytteprosjekten.

FORDELING AV FLYTTEKOSTNADER





BUDSJETT OG REKNESKAP

UTGIFTER (I KRONER)

| | Ordinær drift Kap 1550 post 01 | Flyttekostnader Kap 1550 post 22 | KOFA Kap 1550 post 23 |
|---|-----------------------------------|-------------------------------------|--------------------------|
| Overføringer fra 2005 | 424 000 | 8 057 000 | |
| Løyvingar i samsvar med tildelingsbrevet 2006 | 76 493 000 | 12 564 000 | 3 500 000 |
| Endringar etter budsjettetthandsaminga våren 2006 (RNB) | -750 000 | | 1 500 000 |
| Endringar etter budsjettetthandsaminga hausten 2006 (Nysaldering) | | 2 500 000 | |
| Kompensasjon for lønnsoppgraderet 2006 | 1 511 000 | | |
| Refusjon av fødselspengar og sjukepengar | 1 347 000 | | |
| Til disposisjon i 2006 | 79 025 000 | 23 121 000 | 5 000 000 |
| Forbruk i samsvar med rekneskapet 2006 | 79 017 000 | 21 661 000 | 5 028 000 |
| Saldo | 8 000 | 1 460 000 | -28 000 |

INNTEKTER (I KRONER)

| | Gebyr – KOFA Kap 4550 post 02 |
|---------------------------------|---|
| Budsjett 2006 | 186 000 |
| Gebyr innbetalte i 2006 | 100 000 |
| Mindreinntekter | 86 000 |
| | Gebyr – Konkuranselov Kap 4550 post 03 |
| Vinningsavstääing | - |
| Tvangsmultkt | - |
| Bøter | - |
| Lovbrotsgebyr | 1 490 000 |
| Sum gebyr Konkuranselova | 1 490 000 |

UTGIFTER (I KRONER)

| | Konkuransetilsynet |
|-------------------|--------------------|
| Lønnsutgifter | 44 316 176 |
| Varer og tenester | 34 700 666 |
| | Flyttekostnader |
| Lønnsutgifter | 9 002 247 |
| Varer og tenester | 12 658 881 |
| | KOFA |
| Lønnsutgifter | 3 711 149 |
| Varer og tenester | 1 316 726 |



Konkurransetilsynet mottok langt fleire saker i 2006 enn året før. Dette skuldast mellom anna ein kraftig auke i talet på meldingar om fusjonar og oppkjøp. I tillegg fekk Konkurransetilsynet oppgåva med å administrere kompensasjonsordninga for Skattefunn.

SAKSSTATISTIKK 2006

| AVSLUTTA SAKER | 2004 | 2005 | 2006 |
|--|------------------|---------------------|------|
| Inngrep mot fusjonar og oppkjøp | 5 | 6 | 2 |
| Inngrep mot konkurranseskadeleg åtferd | 4* | 1 | 0 |
| Påpeikning av skadelege offentlege reguleringar | 10 | 6 | 2 |
| Høringsuttalinger med merknader av betydning | 81 | 61 | 68 |
| Avslag på ønskje om inngrep (konkurranselova av 2004) | 10 | 41 | 55 |
| Lovbrotsgebyr – ikke/for seint meldte foretakssammenslutningar | 0 | 6 | 66 |
| Vedtak om plikt til å rapportere informasjon til tilsynet | | 9 | 3 |
| Fastsettjing av maksimalprisar drosje | | 2 | 0 |
| Skattefunn-vedtak | | | 440 |
| Andre vedtak | | | 2 |
| Lovbrotsgebyr brot på meldeplikt totalt | kr 60 000 | kr 1 805 000 | |


*Ny lov med forbod mot misbruk av dominerande stilling vart innført i 2004. Tidlegare måtte Konkurransetilsynet aktivt gripe inn i slike saker.

SAKER OM FUSJONAR OG OPPKJØP HANDSAMA I 2006

| Avslutta årsak: | Lokale marknader | Nasjonale marknader | Sum |
|--|------------------|---------------------|------------|
| Ingen auke i konsentrasjon eller låg marknadsandel | 462 | 361 | 823 |
| Ikkje meldepliktig | 20 | 21 | 41 |
| Andre forhold | 23 | 16 | 39 |
| Enno til handsaming | 6 | 0 | 6 |
| Vedtak om inngrep i saker mottekte i 2006 | 1 | 2 | 3* |
| Sum | 512 | 400 | 912 |

*2 av vedtaka vart fatta i 2006, det siste i 2007.

MOTTEKNE MELDINGAR OM FUSJONAR OG OPPKJØP MAI 2004 – MARS 2007





| MOTTEKNE SAKER | | |
|---|-------------|-------------|
| | 2005 | 2006 |
| Meldingar av fusjonar og oppkjøp | 623 | 872 |
| Klager og tips om brot på lova | 162 | 91 |
| Ønskjer om at tilsynet påpeiker skadelege offentlege reguleringar | 28 | 19 |
| Innkomne høyringssaker | 195 | 194 |
| Internasjonale saker | 116 | 138 |
| Administrative og andre saker | 547 | 311 |
| Skattefunn | | 314 |
| Totalt | 1671 | 1939 |

Mange førespurnader vert aldri ei sak, og mange saker vert avslutta utan eit formelt vedtak eller ei formell avgjerd.

| MELDINGAR OM FUSJONAR OG OPPKJØP | | |
|---|-------------|-------------|
| | 2005 | 2006 |
| Alminnelege meldingar | 620 | 867 |
| Frivillig innsende fullstendige meldingar | 3 | 5 |
| Antall mottekne meldingar totalt | 623 | 872 |
| Antall pålagde fullstendige meldingar | 19* | 26* |
| Meldingar mottekne via Altinn | 50 | 55 |

*Både i 2005 og 2006 vart 3 pålegg om fullstendig melding trekte tilbake.

KOMPENSASJONSORDNINGA FOR SKATTEFUNN

Stortinget vedtok i juni 2005 å innføre ei kompensasjonsordning for ulønna arbeidsinnsats i forskings- og utviklingsprosjekt i næringslivet. Ordninga omhandla tidlegare godkjende Skattefunn-prosjekt der ulønna eigeninnsats ikkje har vore inkludert i frådragsretten. Konkurransetilsynet fekk oppgåva med å handsame søknadane om kompensasjon.

Kompensasjonsordninga innebar at verksmeder kunne få kompensasjon for ulønna arbeidsinnsats utført i inntektsåra 2002–2004, i tilfelle der dei ikkje tidlegare har fått skattefrådrag for slik arbeidsinnsats.

Fristen for å söke kompensasjon gjekk ut 7. april 2006. Konkurransetilsynet fekk inn vel 360 søknader. Søkjarane fell i to kategoriar; dei som hadde sett fram krav om skattefrådrag i sjølvmeldinga utan å få frådrag, såkalla § 4 (1)-saker, og dei som ikkje hadde

UTBETALT KOMPENSASJON (I KRONER)

| | § 4(1)-saker | § 4(2)-saker | totalt |
|--|---------------------|---------------------|---------------|
| | 6 572 485 | 24 553 004 | 31 125 489 |

UTBETALT KOMPENSASJON FORDELT ETTER INNTEKTSÅR

| | 2002 | 2003 | 2004 | totalt |
|---------------------|-------------|-------------|-------------|---------------|
| § 4(1)-saker | 2 730 693 | 2 167 027 | 1 674 765 | 6 572 485 |
| § 4(2)-saker | 4 372 089 | 9 886 584 | 10 294 331 | 24 553 004 |

sett fram slike krav, eller § 4 (2)-saker. For den første gruppa vart søknadane avgjorde før sommaren 2006. Det vart gjort vedtak om utbetaling i 49 saker, og den samla kompensasjonen til denne gruppa var om lag 6,5 millionar kroner.

Den endelige budsjettetramma for den andre kategorien – dei som ikkje hadde sett fram krav i sjølvmeldinga – var klar 18. oktober 2006. 27. oktober sende Konkurransetilsynet

ut 257 vedtak til søkerar i denne kategorien. Den samla kompensasjonen til denne gruppa var om lag 24,5 millionar kroner.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet er klageinstans for søkerar som har klaga på vedtaka. Konkurransetilsynet har handsama dei klagene som er komme inn, og har sendt over klagene til departementet. Arbeidet med kompensasjonsordninga er med dette tilnærma avslutta frå Konkurransetilsynet si side.



Konkuransetilsynet driv eit utstrakt og variert informasjonsarbeid retta mot næringsdrivande, forbrukarar og media.

INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Konjuransetilsynet sitt informasjons- og kommunikasjonsarbeid tek utgangspunkt i hovudmålsetjinga om å oppnå forståing for at sunn konkurranse gjev auka velferd.

■ ■ Informasjon og kommunikasjon er eit strategisk verkemiddel i tilsynsarbeidet.

INFORMASJONSTILTAK

Informasjonstiltaka rettar seg mot bransjar og føretak som Konjuransetilsynet har tilsyn med, mot forbrukarane, samfunnet generelt og mot media. Arbeidet fylgjer prinsippa i den statlege informasjonspolitikken. Konjuransetilsynet legg vekt på kontakten med bransjene som er under tilsyn, og har regelmessige møte med bransjeorganisasjonane. Tilsvarande kontaktmøte har tilsynet med samarbeidande styresmakter. Vi har òg kontaktmøte med media for å informere om arbeidet til tilsynet. Medarbeidarar i tilsynet held òg foredrag og forelesingar med jamne mellomrom.

KONKURANSETILSYNET I MEDIA

Konjuransetilsynet opplever generelt stor interesse frå media. I 2006 hadde tilsynet 3 649 medieoppslag. Dei fleste av sakene var knytt til daglegvarebransjen, straum og transportsektoren. Saker som omhandla luftfart, bank og forsikring og bokbransjen var det òg fleire oppslag på. Flytteprosessen til tilsynet, som var gjennomført ved utgangen av 2006, fekk òg ei rekke medieoppslag.

INTERNETT

Nettstaden er eit viktig tillegg til den direkte kontakten Konjuransetilsynet har med omverda. Internett blir brukt for å synleggjere resultata av arbeidet, og alle viktige avgjerder og nyheter blir lagt ut på nettsida. Rapportar og tidskrift er òg å finne elektronisk.

Konjuransetilsynet sine internetsider hadde meir enn 500 000 vitjande i 2006. Den mest populære sida er kraftprisoversikten, med om lag to tredeler av vitjingane.

PUBLIKASJONAR OG RAPPORTAR

Konjuransetilsynet gjev ut bladet KonjuransesNytt. I 2006 kom det fem utgåver. Bladet blir sendt ut til brukarar og interessantar, og det kan lastast ned elektronisk på nettstaden til tilsynet.

I 2006 publiserte tilsynet to rapportar i skriftserien:

- Effektar av friare bokprisar (1/2006)
- Skadeforsikring (2/2006)

Ein rapport om dei nordiske bankmarknadene, «Competition in Nordic Retail Banking», vart laga i samarbeid med konjuransestyresmaktene i dei andre nordiske landa.

Tre rapportar er laga av andre på oppdrag frå Konjuransetilsynet:

- Marknadsavgrensing i transportsektoren (Asplan Viak 2006-510867)
- Konjuransse i spesialisthelsetenesta? (SNF-rapport 25/06)
- Ownership relations and cooperation in the Norwegian power market (SNF-rapport 35/06)

BOK

Sjeføkonom Lars Sørgard er redaktør av boka «Competition and Welfare: The Norwegian Experience», som vart gitt ut i 2006. I boka forklarar uavhengige forskarar effektane av konjuransse i sju marknader i Norge.

KONFERANSAR OG SEMINAR

Konferansar og seminar er ein viktig del av Konjuransetilsynet si utadretta verksemd. I mars 2006 var tilsynet ansvarleg for ein stor konferanse om fusjonar og oppkjøp. Om lag 150 personar var til stades på konferansen. I oktober arrangerte tilsynet eit seminar om marknadsavgrensing. Konjuranserettsforum og konjuransøkonomisk forum er faglege møteplassar for både tilsette og eksterne, og vert arrangerte fleire gonger i halvåret.

MASTEROPPGÅVER OM KONKURANSE

Kari Margrethe Fløtre og Magnus Aarø vann Konjuransetilsynets pris for beste masteroppgåver i høvesvis konjuransøkonomi og konjuranserett for 2006. Prisen er på 15 000 kroner, og skal delast ut på nytt i 2007.

ORDFORKLARINGAR

■ ■ ■ BEVISSIKRING

Også kalla razzia eller «dawn raid». Ved bevissikring kan Konkurransetilsynet leite etter prov for brot på konkuranselova hjå føretak og i private heimar, utan samtykke frå dei som vert utsette for bevissikringa. Ei slik bevissikring må først være godkjend av tingretten.

■ ■ ■ BØTERABATT

Sjå lemping.

■ ■ ■ DOMINERANDE STILLING

Eit dominerande føretak har ei sterk stilling i den relevante marknaden og kan i stor grad opptre uavhengig av konkurrentar og kundar. Eit slikt føretak kan hindre effektiv konkurranse i marknaden. Å ha ei dominerande stilling er ikkje forbode i seg sjølv, men føretak som har ei dominerande stilling har eit særleg ansvar for ikkje å oppdre slik at konkuransen vert avgrensa. Spørsmålet om eit føretak er dominerande eller ikkje, må vurderast særskilt i kvar enkelt sak.

■ ■ ■ DUOPOL

Ein marknad som er dominert av to føretak.

■ ■ ■ EFFEKTIV KONKURRANSE

Effektiv konkurranse i ein marknad gjer at varer vert selde til kostnadsbaserte prisar. Effektiv konkurranse kan komme av ein kombinasjon av fleire høve, mellom anna at det finst eit visst tal tilbydarar, at dei ikkje handlar i samforstand med kvarandre og at det ikkje finst vesentlege hindringar for nyetablering.

■ ■ ■ FØRETAK

Konkuranselova gjeld for føretak, det vil seie alle einingar som driv økonomin med verksamheten. Det spelar ingen rolle om verksamheten har som mål å gje økonomisk gevinst eller ikkje, eller kva juridisk form det er på verksamheten. Offentlege organ kan også falle inn under omgrepene når det ikkje er tale om utøving av styresmakt.

■ ■ ■ FØRETAKSSAMANSLUTNING

Fusjonar, oppkjøp og avtalar som fører til direkte eller indirekte, heil eller delvis kontroll i andre selskap. Føretakssamanslutningar skal meldast til Konkurransetilsynet.

■ ■ ■ HORIZONTAL AVGRENsing AV KONKURRANSEN

Horisontale avtalar er avtalar mellom føretak på same ledd i distribusjonskjeda, til dømes mellom detaljistar eller mellom produsentar. Prissamarbeid og marknadsdeling er eksempel på horisontal avgrensing av konkurranse.

■ ■ ■ KARTELL

Ei gruppe sjølvstendige føretak som gjennom avtale eller samordna opp-treden hindrar, innskrenkar eller vrir konkurranse. Prissamarbeid, anbods-samarbeid og marknadsdeling er døme på kartellverksemad.

■ ■ ■ KOFA

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (sjå side 28).

■ ■ ■ KONKURRANSEAVGRENSANDE SAMARBEID

Konkuranselova sitt forbod mot samarbeid som avgrensar konkurranse, omfattar alle typar avtalar, skriftelege og munnlege, mellom to eller fleire føretak. Avtalen treng ikkje vere rettsleg bindande. Samordna opp-treden vert også ramma, sjølv om det ikkje finst nokon avtale. Forbodet omfattar dessutan avgjelder som er treft av samanslutningar av føretak, til dømes ein bransjeorganisasjon.

■ ■ ■ KONKURRANSESTYRESMAKER

Konkurransestyremaktene i Norge er Kongen, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Konkurransetilsynet.

■ ■ ■ KONSENTRASJON

Dersom det er få, store føretak i ein marknad, er det høg konsentrasjon i marknaden. Ein fusjon eller eit oppkjøp som gjer at talet på aktørar i ein marknad minkar, førar til auka konsentrasjon i den marknaden.

■ ■ ■ LEMPING

Heil eller delvis nedsetting av lovbrotsgebyr, også omtala som «leniency». Eit føretak som deltar i eit ulovleg samarbeid kan verte friteke for lovbrotsgebyr dersom det er det første til å avsløre samarbeidet. Andre føretak som deltek i kartellet kan oppnå delvis fritak ved å samarbeide med Konkurransetilsynet under etterforskinga.

■ ■ ■ LOV BROTSGEBYR

Også kalla administrativ eller sivilrettsleg bot. Ved brot på konkuranselova kan Konkurransetilsynet gjere vedtak om lovbrotsgebyr. Eit slikt vedtak kan ikkje påklagast, men kan handsamast av domstolane.

■ ■ ■ MISBRUK AV DOMINANS

Sjå utilbørleg utnytting av dominerande stilling.

■ ■ ■ MARKNADSAVGRENsing

Når Konkurransetilsynet skal vurdere kva for verknader ei særskild åtferd har for konkurranse, eller kva for verknader ei føretakssamanslutning kan ha, tar tilsynet utgangspunkt i forholda i den eller dei aktuelle marknadene. Avgrensing av den relevante marknaden inneber å identifisere ein produktmarknad og ein geografisk marknad. Marknadsavgrensinga må gjerast konkret i kvar enkelt sak.

■ ■ ■ MARKNADSDELING

Oppdeling av marknader mellom konkurrentar. Det kan til dømes vere tale om geografisk deling, deling av kundegrupper eller deling av marknader for ulike produkt.

■ ■ ■ MONOPOL

Ein marknad med berre eitt føretak.

■ ■ ■ OLIGOPOL

Ein marknad som er dominert av eit fåtal store føretak.

■ ■ ■ OVERTREDELSESGEBYR (BOKMÅL)

Sjå lovbrotsgebyr.

■ ■ ■ PRISSAMARBEID

Samarbeid om fastsetting av prisar. Prissamarbeid svekkjer konkurranse, fordi pris som regel er den viktigaste faktoren i konkurranse. Difor ser konkurransestyremaktene særleg alvorleg på slikt samarbeid.

■ ■ ■ PÅBOD OM OPPHØYR

Ved brot på forboda i konkuranselova kan Konkurransetilsynet påbod at den ulovlege åtferda skal opphøyre. Eit påbod om opphør kan innehalde alle tiltak som er naudsynte for å få slutt på lovbrotet. Påbod om opphør kan også nyttast i kombinasjon med gebyr.

■ ■ ■ PÅPEIKING

Fråsøgn frå Konkurransetilsynet om konkuranseregulerande verknader av offentlege tiltak.

■ ■ ■ RELEVANT MARKNAD

Sjå Marknadsavgrensing.

■ ■ ■ UTILBØRLEG UTNYTTING AV DOMINERANDE STILLING

Utilbørleg utnytting av ei dominerande stilling er forbode etter konkuranselova. Det vil seie at føretak som kvar for seg eller saman har ei dominerande stilling i marknaden, ikkje får misbruke denne marknadsmakta. Eksempel på utilbørleg utnytting er urimelege prisar: konkuranseskadeleg underprising; avgrensing av produksjon og sal; lojalitetsrabattar og -vilkår samt konkuranseskadelege koplingar av ulike produkt og/eller tenester.

■ ■ ■ VERTIKAL AVGRENsing AV KONKURRANSEN

Avtalar mellom føretak på ulike ledd i distribusjonskjeda, til dømes mellom grossistar og detaljistar. Fastsettjing av bindande minimumsprisar og visse former for eksklusivitetsavtaler er døme på vertikal avgrensing av konkurranse.

■ ■ Konkurransetilsynet

Postboks 439 Sentrum, 5805 Bergen

Gateadresse: Olav Kyrres gate 8, Bergen

Telefon: 55 59 75 00 / Telefaks: 55 59 75 99

post@konkurransetilsynet.no / www.konkurransetilsynet.no

Bilete: Marit Hommedal, Thomas Bjørnflaten, Erlend Haukeland,

ScandinavianStockPhoto, GettyImages, Konkurransetilsynet

Design, redigering og produksjon: Gazette

